**AUSTRHEIM KOMMUNE**

# Møtebok
# Formannskapet

**Møtedato:** 03.06.2021
**Møtested:** Austrheim samfunnshus
**Møtetid:** 10:00 - 15:30

Rekneskap
Årsmelding
Økonomiplan for 2022-2025

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| **Per Lerøy** | **AP** | **Ordførar** |
| **Inger Lise Brekke** | **H** | **Varaordførar** |
| **Morten Sognnes** | **H** | **Medlem** |
| **Helge Dyrkolbotn** | **KRF** | **Medlem** |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| **Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn** | **SP** | **Medlem** |

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**
Asbjørn Nagell Toft, Bjørnar Fjellhaug, Christopher Marius Straumøy, Ketil Tjore, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel, Thomas Lindås

Austrheim 9. juni 2021

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

# Saksliste

| Saksnr | Tittel |
|---|---|
| 062/21 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 063/21 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 064/21 | Meldingar |
| 065/21 | Delegerte saker |
| 060/21 | Gbnr 156/280 - Reseksjonering |
| 052/21 | Igangsettingsløyve til bygging av firemannsbustad på gbnr. 142/216 - Mastrevik |
| 059/21 | Løyve til arealoverføring frå gbnr. 131/4 til gbnr. 131/61 - Fonnes |
| 062/21 | Løyve til arealoverføring frå gbnr. 132/4 til gbnr. 132/24 - Utkilen |
| 065/21 | Løyve til bygging av bustadhus på gbnr. 156/59 - Austrheim |
| 061/21 | Løyve til bygging av to tomannsbustadar på gbnr. 156/52- Austrheim |
| 057/21 | Løyve til frådeling av gbnr. 132/6 - Utkilen |
| 064/21 | Løyve til omsøkt deling av bustadhus på gbnr. 139/5 - Solend |
| 058/21 | Løyve til påbygg og fasadendring på fritidsbustad - gbnr 137/22 - Njøtevegen |
| 063/21 | Mellombels bruksløyve til seksjonsnummer 1 i tomannsbustad på gbnr. 147/116 - Toftegård |
| 066/21 | Orienteringssak |
| 067/21 | Søknad om utlegging av flytebrygge - Gbnr. 166/14 - Austre Sævrøyna |
| 068/21 | 1. gongs handsaming - Offentleg ettersyn & høyring - Detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. PlanID 46312020006 |
| 069/21 | Årsmelding for 2020 for Austrheim kommune |
| 002/21 | Austrheim kontrollutval - oversendingsbrev til kommunestyret i Austrheim kommune - KUsak 19.21 - Uttale til årsrapporteringa 2020 |
| 070/21 | Godkjenning av rekneskap 2020 |
| 072/21 | Budsjettjustering fyrste tertial 2021 |
| 073/21 | Rullering av økonomiplan |
| 074/21 | Ekstraordinær tilførsel til premiefond |
| 075/21 | Skifte av namn på smitteoverlege i smittevernplan i samband med overlegepermisjon |
| 076/21 | Behov for å få utarbeida tilstandsrapport på Nordliheimen |
| 077/21 | Etablering av Fensfjorden PPT frå 01.01.2022 |
| 071/21 | Rekneskapsrapport fyrste tertial 2021 |

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 062/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 21/601 |

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Framlegg til vedtak:**
Innkalling og sakliste vert godkjent

**Formannskapet - 062/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**
Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 063/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 21/601 |

**Godkjenning av møteprotokoll**

**Framlegg til vedtak:**
Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

**Formannskapet - 063/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**
Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 064/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 21/601 |

**Meldingar**

**Framlegg til vedtak:**
Meldingane vert tekne til orientering

**Formannskapet - 064/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**
Ingen meldingar til dette formannskapsmøtet.

Handsaming i formannskapet:

**FS vedtak:**

Ingen meldingar til dette formannskapsmøtet.

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 065/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 21/601 |

**Delegerte saker**

**Saker**

| Saksnummer | Tittel |
|---|---|
| 060/21 | Gbnr 156/280 - Reseksjonering<br>**Austrheim kommune godkjenner søknad om reseksjonering av gnr 156 bnr 280 i medhald av Lov om eierseksjonar jf § 20.** |
| 052/21 | Igangsettingsløyve til bygging av firemannsbustad på gbnr. 142/216 - Mastrevik<br>**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av omsøkt firemannsbustad med naudsynt infrastruktur/tiltak i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**<br>**1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner og reguleringsplan for området.**<br>**2. Det vert gjeve løyve til tilkobling til kommunalt vatn og kommunalt avløp. All tilkobling skal skje i kum.** |
| 059/21 | Løyve til arealoverføring frå gbnr. 131/4 til gbnr. 131/61 - Fonnes<br>**Det vert gjeve løyve til arealoverføring av omsøkt tilleggsareal frå gbnr. 131/4 til gbnr. 131/61. Grunngjevinga er at delingssøknaden er i tråd med godkjent kommuneplan og er fornuftig arealbruksmessig. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.** |
| 062/21 | Løyve til arealoverføring frå gbnr. 132/4 til gbnr. 132/24 - Utkilen |

| | |
|---|---|
| | **Austrheim kommune gjev løyve til omsøkt arelfrådeling på om lag 0,7 dekar frå gbnr. 132/4 til gbnr. 132/24. Grunngjevinga er at delingssøknaden er fornuftig arealbruksmessig og i tråd med kommuneplanen som vart godkjent den 11. april 2019. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.** |
| 065/21 | Løyve til bygging av bustadhus på gbnr. 156/59 - Austrheim<br>**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av bustadhus i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**<br>**1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.**<br>**2. Avkjøringa vert godkjent plassert som vist på situasjonskart motteke og skal arbeidast opp slik at den etter dagens vegnormalar vert mest mogleg trafikksikker.**<br>**Det vert gjeve løyve til tilkobling til offentleg ledningsnett som omsøkt på følgjande vilkår:**<br>**3. All tilkobling skal skje i kum.** |
| 061/21 | Løyve til bygging av to tomannsbustadar på gbnr. 156/52- Austrheim<br>**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av to tomannsbustadar i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**<br>**1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner og reguleringsplan for området. *Planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001* vart godkjent i kommunestyret den 10.12.2020.**<br>**2. Avkjøringa vert godkjent plassert som vist på situasjonskart motteke den 10.05.2021, og skal arbeidast opp slik at den etter dagens vegnormalar vert mest mogleg trafikksikker.**<br>**3. Regulert snarveg/gangveg mot søraust vert opparbeid parallelt med eigedomsgrense og gjerde sett opp i nabogrense mot gbnr. 156/164 før ferdigattest vert skrive ut.** |
| 057/21 | Løyve til frådeling av gbnr. 132/6 - Utkilen<br>**Austrheim kommune gjev med heimel i jordlova § 12 samtykke til å dela frå gbnr 132/6 frå driftseininga gbnr 132/5. Arealføremål skal framleis vera LNF (landbruk,** |

| | |
|---|---|
| | **natur og friluftsføremål)**<br><br>**Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.** |
| 064/21 | Løyve til omsøkt deling av bustadhus på gbnr. 139/5 - Solend<br><br>**Austrheim kommune gjev løyve til omsøkt frådeling av bustadhus frå gbnr. 139/5. Grunngjevinga er at delingssøknaden er i tråd med godkjent kommuneplan for området som er LNF-område for spreidd bustadutbygging. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1** |
| 058/21 | Løyve til påbygg og fasadendring på fritidsbustad - gbnr 137/22 - Njøtevegen<br><br>**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av påbygg og fasadeendring i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**<br><br>**1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.** |
| 063/21 | Mellombels bruksløyve til seksjonsnummer 1 i tomannsbustad på gbnr. 147/116 - Toftegård<br><br>**I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for heile tiltaket på følgjande vilkår:**<br><br>**1. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.08.2020.** |

**Framlegg til vedtak:**
Delegerte saker vert tekne til orientering

**<u>Formannskapet - 065/21 - 03.06.2021</u>**

**FS - behandling:**
Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om dei delegerte sakene.

Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 060/21 | Formannskapet | DS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Alf Kvant | Gbnr-156/280 | 21/548 |

**Gbnr 156/280 - Reseksjonering**

**Framlegg til vedtak:**

**<u>Formannskapet - 060/21 - 03.06.2021</u>**

**FS - behandling:**

**FS vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner søknad om reseksjonering av gnr 156 bnr 280 i medhald av Lov om eierseksjonar jf § 20.

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 052/21 | Formannskapet | DS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | Gbnr-142/216, HistSak-19/871 | 20/4960 |

**Igangsettingsløyve til bygging av firemannsbustad på gbnr. 142/216 - Mastrevik**

**Framlegg til vedtak:**

**Formannskapet - 052/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**

**FS vedtak:**

**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av omsøkt firemannsbustad med naudsynt infrastruktur/tiltak i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner og reguleringsplan for området.
2. Det vert gjeve løyve til tilkobling til kommunalt vatn og kommunalt avløp. All tilkobling skal skje i kum.

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 059/21 | Formannskapet | DS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | Gbnr-131/4 | 21/491 |

**Løyve til arealoverføring frå gbnr. 131/4 til gbnr. 131/61 - Fonnes**

**Framlegg til vedtak:**

**Formannskapet - 059/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**

**FS vedtak:**

**Det vert gjeve løyve til arealoverføring av omsøkt tilleggsareal frå gbnr. 131/4 til gbnr. 131/61. Grunngjevinga er at delingssøknaden er i tråd med godkjent kommuneplan og er fornuftig arealbruksmessig. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.**

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 062/21 | Formannskapet | DS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | Gbnr-132/4 - 132/24 | 21/552 |

**Løyve til arealoverføring frå gbnr. 132/4 til gbnr. 132/24 - Utkilen**

**Framlegg til vedtak:**

**Formannskapet - 062/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**

**FS vedtak:**

Austrheim kommune gjev løyve til omsøkt arelfrådeling på om lag 0,7 dekar frå gbnr. 132/4 til gbnr. 132/24. Grunngjevinga er at delingssøknaden er fornuftig arealbruksmessig og i tråd med kommuneplanen som vart godkjent den 11. april 2019. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 065/21 | Formannskapet | DS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | Gbnr-156/59 | 21/519 |

**Løyve til bygging av bustadhus på gbnr. 156/59 - Austrheim**

**Framlegg til vedtak:**

**Formannskapet - 065/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**

**FS vedtak:**

**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av bustadhus i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**

1. **Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.**
2. **Avkjøringa vert godkjent plassert som vist på situasjonskart motteke og skal arbeidast opp slik at den etter dagens vegnormalar vert mest mogleg trafikksikker.**

**Det vert gjeve løyve til tilkobling til offentleg ledningsnett som omsøkt på følgjande vilkår:**

3. **All tilkobling skal skje i kum.**

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 061/21 | Formannskapet | DS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | Gbnr-156/52, FA-L42 | 21/517 |

**Løyve til bygging av to tomannsbustadar på gbnr. 156/52- Austrheim**

**Framlegg til vedtak:**

**Formannskapet - 061/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**

**FS vedtak:**

**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av to tomannsbustadar i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner og reguleringsplan for området. *Planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001* vart godkjent i kommunestyret den 10.12.2020.
2. Avkjøringa vert godkjent plassert som vist på situasjonskart motteke den 10.05.2021, og skal arbeidast opp slik at den etter dagens vegnormalar vert mest mogleg trafikksikker.
3. Regulert snarveg/gangveg mot søraust vert opparbeid parallelt med eigedomsgrense og gjerde sett opp i nabogrense mot gbnr. 156/164 før ferdigattest vert skrive ut.

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 057/21 | Formannskapet | DS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | Gbnr-132/6 | 21/372 |

**Løyve til frådeling av gbnr. 132/6 - Utkilen**

**Framlegg til vedtak:**

**Formannskapet - 057/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**

**FS vedtak:**

**Austrheim kommune gjev med heimel i jordlova § 12 samtykke til å dela frå gbnr 132/6 frå driftseininga gbnr 132/5. Arealføremål skal framleis vera LNF (landbruk, natur og friluftsføremål)**

**Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.**

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 064/21 | Formannskapet | DS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | Gbnr-139/5 | 21/567 |

**Løyve til omsøkt deling av bustadhus på gbnr. 139/5 - Solend**

**Framlegg til vedtak:**

**Formannskapet - 064/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**

**FS vedtak:**

Austrheim kommune gjev løyve til omsøkt frådeling av bustadhus frå gbnr. 139/5. Grunngjevinga er at delingssøknaden er i tråd med godkjent kommuneplan for området som er LNF-område for spreidd bustadutbygging. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 058/21 | Formannskapet | DS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | Gbnr-137/22 | 21/484 |

**Løyve til påbygg og fasadendring på fritidsbustad - gbnr 137/22 - Njøtevegen**

**Framlegg til vedtak:**

**Formannskapet - 058/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**

**FS vedtak:**

**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av påbygg og fasadeendring i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 063/21 | Formannskapet | DS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | Gbnr-147/116, HistSak-16/1178 | 20/4906 |

**Mellombels bruksløyve til seksjonsnummer 1 i tomannsbustad på gbnr. 147/116 - Toftegård**

**Framlegg til vedtak:**

**Formannskapet - 063/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**

**FS vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for heile tiltaket på følgjande vilkår:

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.08.2020.

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 066/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 21/601 |

**Orienteringssak**

**Framlegg til vedtak:**

**Formannskapet - 066/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om framdrift for oppgradering av skulebygg. Rådgjevingsselskapet Inventura sendte ut prosjektet 2. juni, for å få inn tilbod om totalentreprise. Håpar på interessentar før sommaren, slik at ein kan inngå avtalar like over sommaren. Målet er at utbetringane skal stå klart til skuleåret 2022/23, og per no er ein i rute til for denne tidsplanen.
Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 067/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Christopher Marius Straumøy | Gbnr-166/14 | 20/4973 |

**Søknad om utlegging av flytebrygge - Gbnr. 166/14 - Austre Sævrøyna**

## Vedlegg:

Søknad - gbnr 166/14 - Austre Sævrøyna - utlegging av flytebrygge med landgang og utriggarar
2___valideringsrapportFraFellestjenesterBygg.xml
3_SØK-DISP_Dispensasjonssoeknad_B1 Dispensasjonssøknad.pdf
4_KORR_Nabovarsel_Nabovarsel-20210128-1407.pdf
5_KORR_KvitteringNabovarsel_Kvittering-for-nabovarsel-20210128-1407.pdf
6_KORR_Nabomerknader_SvarPaaNabovarsel.pdf
7_KART_Situasjonsplan_D1 Dagens situasjon.pdf
8_KART_Situasjonsplan_D2 Kart med brygge inntegnet.pdf
9_TEGN_TegningEksisterendeSnitt_Snitt enkel flytebrygge (vedl E3) Tegning (1).pdf
10_TEGN_TegningNyPlan_E2 Kart med brygge og fortøyninger.pdf
11_TEGN_TegningNyttSnitt_E1 Detaljer brygge.pdf
12_ANKO_ErklaeringAnsvarsrett_ErklæringOmAnsvarsrett-PRO_ALUTEC AS.pdf
13_ANKO_ErklaeringAnsvarsrett_ErklæringOmAnsvarsrett-UTF_ALUTEC AS.pdf
14_ANKO_Gjennomføringsplan_KAN-INNEHOLDE-PERSONOPPLYSNINGER.xml
15__Vedleggsopplysninger_KAN-INNEHOLDE-PERSONOPPLYSNINGER.xml
16_ANKO_Gjennomføringsplan.pdf
17__Vedleggsopplysninger.pdf
18_Skjema_KAN-INNEHOLDE-PERSONOPPLYSNINGER.xml
AcosSvarInn.xml
Uttale i samband med dispensasjon for flytebrygge på gbnr 166/14 - Austre Sævrøyna
AcosSvarInn.xml
Bergen Havn - uttale i samband med dispensasjon for flytebrygge på gbnr 166/14 - Austre Sævrøyna
BF IKS forhåndsuttale.PDF
Uttale fra Fiskeridirektoratet.PDF
AcosSvarInn.xml

## Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til omsøkt flytebryggje:

1. Flytebryggja vert skilta som open for ålmenta.
2. Fortøyningsblåsene i område tilhørande søkjar må fjernast.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

**Formannskapet - 067/21 - 03.06.2021**

## FS - behandling:

Sakshandsamar Christopher Straumøy og avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka.
Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte kring det å gje dispensasjon frå ein relativt ny kommuneplan. Asbjørn Toft svara at det vart stroke mange innspel i samband med rulleringa av kommuneplanen. Alle har rett til å søka om nytt tiltak, og desse skal handsamast.
Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om dette vil skapa presedens, her svara Christopher Straumøy at det vil det ikkje.
Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at Statsforvaltaren strauk mange innspel i strandsona ved rulleringa av kommuneplanen. Statsforvaltar tolkar regelverket veldig strengt, mange som synest det er strengt handheva her på grunn av at det er for stor utbygging i Oslofjorden.
Helge Dyrkolbotn (KrF) sa seg samd i at det skal vera mogleg å koma til sjø, men spørsmålet er om alle skal ha rett til eiga flytebrygge. Christopher Straumøy presiserte at flytebrygga skal merkast med at den er open for ålmenta.
Morten Sognnes (H) spurte om dette kan øydelegga for etableringa av eit felles bryggeareal seinare på området som er sett av til det. Her svara Asbjørn Toft at det vil vera stor interesse for båtplass der, også frå innbyggjarar frå andre deler av kommunen.
Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke
Vedtaket vert sendt til Statsforvaltar i Vestland for klagevurdering.

## FS vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til omsøkt flytebryggje:

1. Flytebryggja vert skilta som open for ålmenta.
2. Fortøyningsblåsene i område tilhørande søkjar må fjernast.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

## Saksopplysninger:

**Vurdering etter naturmangfoldslova:**

Kommunen har vurdert saken etter prinsippa i naturmangfoldslova §§ 7-12. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet. Den samla belastningen for økosystemet vert vurdert lokalt på staden for omsøkt flytebryggje og sett sett i ein større samanheng.

Kommunaldirektøren vil og peika på at omsøkt stad ikkje er i område med særskilte natur- eller viltverdiar. Det er heller ingen kulturminneinteresser, friluftslivintereser eller miljøverdiar på omsøkt

stad.

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Kommunedirektøren meiner at vern av naturmangfaldet og miljø vert ivaretekne om det vert gjeve dispensasjon som omsøkt. Dette gjeld også ut frå vurderinga som er komme inn I høyringsrunden vedrøyrande gyteplass til torsken I Rebnorsundet.

Kommunedirektøren finn ikkje at dei omsøkte tiltaka vil koma i konflikt med naturmangfaldslova. Kommunedirektøren meiner difor at ein etter naturmangfoldlova kan gjeva dispensasjon her til omsøkt utlegging av flytebryggje.

**Vurdering etter plan- og bygningslova:**

Vurderinga om dispensasjon skal gjevast etter pbl. § 19-2 må vurderast mot både pbl. § 1-8 om strandsona og etter pbl. § 11-6 om rettsverknaden av kommuneplanen sin arealdel.

Etter pbl. § 1-8 første til tredje ledd følger det:

*«I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.*

*Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringer kan ikke settes i verk nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horisontalplanet ved alminnelig høyvann. Dette er likevel ikke til hinder for fradeling ved innløsning av bebygd festetomt etter tomtefestelova.*

*Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2»*

Bestemmelsen i § 1-8 utrykkjer eit generelt forbod mot frådeling, oppføring og endring av tiltak i 100 –metersbeltet langs sjøen, med unntak av fasadeendringar. Byggjeforbodet skal sikra ålmenta tilgang til strandsona sine kvalitetar som frilufts- natur- og kulturområde. Strandsona er underlagt eit særleg vern, og det er difor ein høg terskel for å dispenesera frå §1-8. Kommunen har eit særleg fokus på å hindre at strandsonen vert privatisert.

Ei flytebryggje som også vert open for ålmenta vil kunne auka bruken av området og gjera det meir tilgjengeleg. Omsøkt tiltak er difor ikkje sett på eit særleg privatiserande tiltak. Kommunedirektøren meiner difor at ei flytebryggje på omsøkt stad *ikkje* vil medføre særleg privatisering av strandsona i området.

Samstundes vil ei flytebryggje på område med ein utbetra tilgong til strandsona kunne ivareta dei allmenne interesser i strandsona gjennom å gjera ho meir funksjonell. Det er ønskjeleg for kommunen at strandsona her også skal kunne nyttast av ålmenta.

Kommunen har vore på synfaring. I omsøkt område er det allereie eldre lovleg fortøyningsblåse på omsøkt område. Det er ikkje uberørt sjø som vert omsøkt her. Det vil føra til ein betre arealløysning å få fjerna utlagt fortøyningsblåse og få lagt ut ei flytebryggje. Inntrykket til området vil dermed ikkje påverkast i særleg grad og området sin karakter gjer at det estetisk kan vurderast ei flytebryggje på søkt område.

Kommunedirektøren ser at med å samla båtane i området i ei flytebryggje vert arealinngrepet i sjøen

mindre. Årsaka er at flyteblåse, tauverk og ilar frå området vert fjerna. Det vil vera eit naturleg vilkår i denne saka. Tiltaket er ikkje til ulempe for friluftsliv, ålmenta, fiskeri eller for biologisk mangfaldet i området.

Kommunedirektøren meiner at omsøkt tiltak ikkje vil redusera samfunnstryggleiken eller vera ein farleg plassering i forhold til vind og ver.

Plan- og bygningslova (PBL) § 11-6 omhandlar rettsverknaden av kommuneplanen sin arealdel:

*"Kommuneplanens arealdel fastsetter framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nevnt i § 1-6…*

*Tiltak etter § 1-6 må ikke være i strid med planens arealformål og generelle bestemmelser, samt bestemmelser knytt til arealformål og hensynssoner."*

Utgangspunktet er at ein skal halde seg til vedtatt kommuneplan. Det søkte område går i kommuneplanen over avsatt sone til bruk og vern av sjø og vassdrag.

Kommunedirektøren vil peike på kommuneplanen sin arealdel si føresegn til sjøområdet her seier at:

**§ 3.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, pbl § 11-7 nr. 6**
*Areal avsett til hovudføremålet kan utnyttast i samsvar med dei aktuelle underføremåla med unntak av akvakultur og småbåthamn, §§ 11-7, 3.ledd, 11-9 og 11-11. Hovudføremål og underføremål er ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum og telenett, jf pbl § 11-11nr. 3. Det er ikkje tillate å ankra opp flytande konstruksjonar som husbåtar og lekterar lenger enn 2 månader utan løyve frå kommunen. Tiltak som kan påvirke tryggleiken eller framkommeligheten i sjøområde, herunder bygging, graving og utfylling, krev løyve frå Bergen og omland hamnevesen.*

*§ 11-11.Bestemmelser til arealformål etter § 11-7 nr. 5 og 6*

*4. Å tillate nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag i 100-metersbeltet langs sjøen med sikte på landbruk, reindrift, fiske, fangst, akvakultur og ferdsel til sjøs.*

Å få på plass ei flytebryggje her vil lette tilgangen til fiske og ferdselen til sjøs for folk som ønskje å bruk staden i området. Alternativet til flytebryggje er flyteblåse med tau inn til stranda frå båt på til land. Dette beslaglegg ein mykje større del av strandområdet enn ei mindre flytebryggje. I tillegg er det ein større risiko for folk å koma seg til og frå båt og kajakk. Flo og fjæra er høg her til tider, og tilkomsten til båt og kajakk vil difor verta svært vanskeleg til tider med ei slik løysing med tau frå land til båt. Svaberget omkring vert svært glatt og vanskeleg å føta seg.

Det omsøkte tiltak vil nytte allereie eksisterande infrastuktur med etablerte atkomstveger til område. Intern veg, parkeringsplass og atkomstveg er etablert i forbindelse med tidlegare utbygging i område. Ålmentas ferdsel i strandsona vil ikkje bli negativt påvirka av det omsølte tiltak.

Det føreligg statlege retningslinjer for differensiert forvalning av strandsona lang sjøen. I kapittel 3 fremgår det at:

*«Kommunene skal legge retningslinjene til grunn i den kommunale planleggingen, planbehandlingen og behandlingen av dispensasjons¬søknader… I utgangspunktet er det kommunene som ut fra en helhetsvurdering bestemmer hvordan arealene skal nyttes. Kommunene skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser i sin planlegging.»*

Vidare har dei statlege reningslinjene lagt opp til ein differansiering av strandsona gjennom planlegging. I kapittel 4.2 lyd det følgjande:

*«Det er ikke mulig å foreta en geografisk avgrensning i retningslinjene som fullt ut tar hensyn til lokale forskjeller innad i den enkelte kommune. Derfor vil retningslinjene ha ulik vekt i ulike deler av kommunen i arbeidet med kommuneplaner. Det vil derfor åpnes for å foreta ytterligere differensiering i kommuneplanens arealdel og eventuelt i regional plan av områder innad i kommunen som synliggjør slike lokale variasjoner. Det vil være enklere å få tillatelse til å bygge i områder i kommunen med lite press, og vanskeligere i områder der presset er stort. Spørsmålet om bygging skal også vurderes i forhold til allmenne interesser, som natur- og kulturmiljø, friluftsliv og landskap.*

I det vidare er det i kapittel 7.1 i dei statlege retningslinjene opplista område med mindre press (Sone 3) på arealene. Her er Austrheim kommune opplista som ein av desse kommunene.

Austrheim kommune har gjennom kommuneplanen som gjeld frå 2019-2029 vurdert korleis, og i kva områder det kan leggjast ut flytebryggje på. Det vert imidlertid umogeleg for kommunen å planlegge finmaska detaljer i kommuneplanprosessen for heile den utbygde strandsonen. Årsaka er at Austrheim kommune har svært lang strandsone. Slik kommunen ser det vil eit dispensasjonsvedtak i denne saka heller ikkje skape ein presedensvirkning for flytebryggje utanfor regulert område. Årsaka er at omsøkt område ligg i eit allereie etablert område med fritidsbåtar og småbåthamn med lite press.

Kommunen (formannskapet) kan med heimel i pbl. § 19-2(1) ”gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsett i eller i medhold av denne lov.”

Det følger imidlertid av andre ledd at dispensasjon ikkje kan gis dersom hensynene bak bestemmelsene det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir *“vesentlig tilsidesatt.”* I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være “*klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. ”*

Spørsmålet er således om dei hensyn bak område i kommuneplanen og hensyna i lovens formål blir «vesentlig tilsidesatt» ved å gi dispensasjon til utlegging av flytebryggje.

Ordlyden peiker på at det ikkje er nok at hensyna blir tilsidesatt, men dei må vere merksamt tilsidesatt jf. begrepet «vesentleg».

Det omsøkte område si strandsona er lite tilgjengeleg for ålmenta. Det er ønskjeleg at strandsona skal nyttast av ålmenta. Sett i samanheng med at det allereie føreligg fortøyningsblåse vil ikkje omsøkte tiltak føra til større privatisering, men derimot gjere det meir tilgjengeleg for ålmenta. Årsaka er at det vil vere enklare for ålmenta å kunne få ein tryggare passasje til strandsona i område både frå sjø og land. Samstundes vil det fremje bustaders mogelegheit til sikker tilgang til strandsona både frå sjø og land i område.

Slik kommunen ser det vert dermed dei hensyn bak område i kommuneplanen og hensyna i lovens formål ikkje «vesentlig tilsidesatt» ved å gi dispensasjon til utleggjing av flytebryggje.

Det neste spørsmålet er om fordelene ved å gi dispensasjon vil være "*klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. "*

Ordyden peikar på at det føreligg ein høg terskel for dispensasjon ettersom fordelane må vere «klart større» og det må foretakast ein samla vurdering av alle omsyn.

Det er ikkje tilstrekkeleg for dispensasjon at ulempene ved dispensjon er beskjedne. Vurderingen må vise at det føreligg relevante, klare og positive fordelar enn ulempane. Lovens vilkår om kvalifisert interesseovervekt krev at dei relevante fordelane må ha stor vekt dersom vilkåret skal vere oppfylt.

Som tidlegare nemt er det allereie etablert fortøyningsblåse i område. Det er ikkje eit urørt område. Vidare er fordelane med å gi dispensasjon til ei flytebryggje her at ein faktisk vil redusera berørt areal i sjø ved å kunne setje klare vilkår om og fjerna eksisterande fortøyninger som gjer område klart meir tilgjengeleg for ålmenta frå sjø og land. Det er særs viktig for Austrheim kommune at område i strandsona kor ein ønskjer aktivitet vert så tilgjengeleg for ålmenta som mogeleg. Den omsøkte flytebryggje vil etter kommunen sitt syn fremja dette omsynet sterkt. Samstundes finn kommunen at ulempane ved tiltaket er minimale i eit allereie berørt sjøområde ettersom det arealmessig må opplevast som mindre fremtredande.

Eit dispensasjonsvedtak i denne saka kan etter kommunedirektøren si vurdering heller ikkje skapa presedens for utleggjing av flytebryggje i strid med strandsoneomsyna her og elles i kommunen. Kommunedirektøren meiner at det bør gjeva dispensasjon til utleggjing av ei flytebryggje ettersom fordelane ved å gi dispensasjon her er "*klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. "* Kommunedirektøren rår til at det vert gjeve dispensasjon som omsøkt.

**Konklusjon:**

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til omsøkt flytebryggje:

1. Flytebryggja vert skilta som open for ålmenta.
2. Fortøyningsblåsene i område tilhørande søkjar må fjernast.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 068/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | FA-L12 | 20/4834 |

## 1. gongs handsaming - Offentleg ettersyn & høyring - Detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. PlanID 46312020006

### Vedlegg:

1.Plankart_1av3_28.4.2021.pdf
2.Plankart_2av3_28.4.2021.pdf
3.Plankart_3av3_28.4.2021.pdf
4.Føresegner_30.4.2021.pdf
5.Planomtale m_KU_30.4.2021.pdf
6.ROS-analyse_30.4.2021.pdf
7.Rapport_NML_9.3.2021.pdf
8.Trafikkanalyse_9.3.2021.pdf
9.VA-rammeplan_30.4.2021.pdf
10.Planprogram_rev-02_19.2.2021.pdf
11.Merknadsskjema_oppstart og utviding.pdf
12.Uttaler oppstart og utviding.pdf
13.Vedtak_fastsett planprogram_25.3.2021.pdf
14.Saksframlegg m.vedtak_1 ghs_offentleg ettersyn_21.4.2021.pdf
15.Endringsnotat for utviding og saksframlegg.pdf

### Framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11 legg formannskapet i Austrheim kommune
følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

**Detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. PlanID 46312020006,** vist på plankart sist datert 26.2.2021 og tilhøyrande føresegner datert 26.2.2021 med siste revisjonsdato 16.3.2021.

### Formannskapet - 068/21 - 03.06.2021

### FS - behandling:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka. Dette er eit anlegg (energitunnel) som for det meste ligg i Alver kommune, men etter høyringa må merknadene likevel handsamast av politikarane i Austrheim.
Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er noko av det prosjektet som GreenSpot Mongstad har søkt om

støtte til, 50 millionar kroner til utgreiing av prosjektet.
Asbjørn Toft sa at det kan bli tale om oppdrettsanlegg på 30.000 tonn, seks gonger større enn det største anlegget i Austrheim i dag (ved Øksneset).
Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.


## FS vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11 legg formannskapet i Austrheim kommune følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

**Detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. PlanID 46312020006,** vist på plankart sist datert 26.2.2021 og tilhøyrande føresegner datert 26.2.2021 med siste revisjonsdato 16.3.2021.

## Saksopplysninger:

På oppdrag frå Asset Buyout Partners og Mongstad Eiendomsselskap AS legg Multiconsult AS fram forslag til reguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad. Planområdet er på om lag 1140 daa på bakkeplan og på om lag 488 daa under bakkeplan. Om lag 55 daa av planområde i nordvest ligg i Austrheim kommune. Planområdet er lokalisert på Mongstad nord i Alver kommune ved grensa til Austrheim kommune. Reguleringsplanen erstattar i si heilheit gjeldande plan for område med namn *Storhamn Mongstad*. Størstedelen av planen omfattar Alver kommune så dei har teke seg av merknadshandsaminga her i samband med planoppstart. I Austrheim komune er det energitunnellar under bakken som planen omfattar.



**Energitunellar er i Austrheim kommune, sjå til venstre i kart kommunegrensa mot Alver**

Formålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for etablering av energitunnellar og landbasert oppdrettsanlegg inkludert eige osmoseanlegg for produksjon av ferskvatn og biogassanlegg for handtering av fiskeslam og klekkeri/smoltanlegg. Energitunnelane sitt formål er blant anna å utnytta overskotsenergi frå raffineriet til og redusera mengda energi som trengs ved drift av oppdrettsanlegget. For meir informasjon om denne prosessen les planomtalen kap. 2 og 5.

### Planprosess og medverknad

Oppstartsmøte vart gjennomført 27.11.2020 saman med Alver kommune. Høyringsperioden for varsel om oppstart av reguleringsarbeid med offentleg ettersyn av forslag til planprogram varte fram til 19.2.2021. Det kom inn 1 privat merknad og 15 offentlege uttaler. Desse er oppsummert og kommentert i merknadsskjema, sjå vedlegg 11. Uttaler er samla i ei fil, sjå vedlegg 12. Merknadsmøte etter varsel om oppstart vart haldt 19.2.2021. Planforslaget vart sendt inn til 1. gongs handsaming 9.3.2021.

### Kort om planforslaget

Gjeldande kommunedelplan for område er Lindåsneset med Mongstad 2010 - 2022, planID 1263-200905, sist revidert 6.9.2010. Planområde har namnet N-1 frå nemnde KDP. Av gjeldande reguleringsplan er planområdet regulert til næringsbygningar (industri, lager, kontor), hamn og hamneområde i sjø i. Næringsområda er delt inn i ulike delområde N1-N4 med maks 80% utnytting (BYA) og mellom 15-25 meter maks. byggjehøgde. Felt N3 er i reguleringsplanen tillate sprengt ned til kote +6. Dette er i dag ferdig planert. Hamneområdet har maks 30% utnytting (BYA) med maks byggjehøgde på 15 meter. Topp kote kaifront er minimum kote + 2,5. Ny plan legg opp til same hovudreguleringsformål, men detaljerer til akvakultur, og tar utgangspunkt i den utnyttinga og høgdebegrensinga som gjeldande reguleringsplan set.

Reguleringsplanen omfattar og arealformål for veganlegg med fortau, reinseanlegg for avløp, parkeringsplass, hamn, landingsplass for helikopter, teknisk infrastruktur. Tilkomst til planområde er frå sør via fv. 57 Mongstadvegen. Den søraustlege delen av industriområdet har tilkomst via vegen Storemyra som er kommunal på fyrste strekket og så vidare privatveg. Nordvestleg del av planområde har tilkomst på fyrste strekket via den kommunale vegen Litlås for så gå over i privat veg. Alle vegane inne i industriområdet er elles private. Trase for energitunell er regulert og kjem fram av plankart 3. Metode for tunneldriving kjem fram av planomtalens kap. 5.11. Plankart 2 regulerer omsynssone for bandlegging av areal etter energilova.

## Vurdering:

Kommunedirektøren ser at mesteparten av reguleringsplanen gjeld Alver kommune. Forslagsstillar har vurdert at reguleringsplanen utløyse krav om planprogram og konsekvensutgreiing jf. Forskrift om konsekvensutgreiingar § 6 c) vedlegg 1 punkt 10, 12 og 13. Tiltak i plan utløyse og krav til konsesjon. Nærare informasjon om dette kjem fram av planprogrammet. Konsekvensutgreiinga er i si heilheit teke inn i planomtalens kap. 7.

Tema som har vore konsekvensutgreidd er landskapsbilete, naturmiljø, friluftsliv, nærmiljø/lokalsamfunn, kulturminne/kulturmiljø, naturressursar, lokal og regional utvikling, tilhøve til anna planlegging, forureining og klima, og risiko ved havstigning. Dette er ei vidareføring av tema som har vore utgreidd i samband med tidlegare reguleringsarbeid på Mongstad.

Etter offentleg ettersyn vil kommunen som ansvarleg planmyndigheit ta stilling til om konsekvensutgreiinga tilfredsstillar krava til utforming og innhald i KU, jf. Forskrift om konsekvensutgreiing kapitel 5. Krava til handsaming av reguleringsplanar som utløyse krav om konsekvensutgreiing kjem fram av forskriftas kapitel 6.

Tabell 6.2 frå ROS-analysen gjer ei oversikt over kva avbøtande tiltak knytt til uønskte hendingar som er sikra i reguleringsplanen, og tabell 6.3 viser kva tiltak som skal sikrast ved gjennomføring av reguleringsplan og ved drift av anlegget. Dette gjeld i hovudsak Alver komune, men sidan Austrheim kommune grensar til området er

det viktig at me er oppteke av dette temaet her.

Naturmangfaldrapporten. Denne rapporten samanfattar alle undersøkingar, kartleggingar og analyser som er blitt rekvirert frå ulike aktørar i perioden 2009 – 2018. Rapporten vurderer framlegg til reguleringsplan sin påverknad opp mot dei funn som allereie er kartlagt. Rapporten inneheld og vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12. Kommunedirektøren ser at denne er grundig.

Trafikkanalyse. Denne analysen tek blant anna for seg kva påverknad reguleringsplanen vil ha ved kapasitet på krysset mellom fylkesveg 57 og Storemyra.

Det er utarbeidd ei VA-rammeplan datert 2.2.2021, som skal leggjast til grunn for vidare detaljering og byggesakshandsaming. VA-rammeplanen vart sendt til Alver kommune si VVA-avdeling 9.3.2021. Endringar i VA-rammeplan på bakgrunn av uttalen, kjem fram av vedlagt merknadsskjema under punkt 17. VA-rammeplanen skildrar blant anna løysningar for reinsing, overvatnhandsaming, avrenning, etc. som kan vera relevant.

Kommunedirektøren har ingen merknader til planprosessen så langt og vurderer mottatt planmateriale til å ha tilfredsstillande kvalitet for å kunne sendast på høyring og ut til offentleg ettersyn. Me sluttar oss til hovudformålet med landoppdrett og energitunnellar, samt det planfaglege grepet i planforslaget.

Kommunedirektøren rår til at formannskapet i Austrheim kommune legg ***Detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. PlanID 46312020006*** ut til offentleg ettersyn, dette som vist på plankart datert 26.2.2021 og føresegner datert 26.2.2021 med siste revisjonsdato 16.3.2021.

## Konklusjon:

Detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. PlanID 46312020006 vert lagt ut på offentleg ettersyn.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 069/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |
| 051/21 | Kommunestyret | PS | 16.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Bjørnar Fjellhaug | FE-000, TI-&14 | 21/373 |

## Årsmelding for 2020 for Austrheim kommune

### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2020 for Austrheim kommune.

### Formannskapet - 069/21 - 03.06.2021

### FS - behandling:

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om arbeidet med Årsrapport 2020, som er gjort tilgjengeleg i den digitale løysinga Framsikt.

- Frå 2021 vert årsrekneskapen og årsrapporten lagt i same sak.
- Legg opp til strategisamling for kommunestyret til hausten, mellom anna med tanke på eigarskap og representasjon.
- Vert tøft økonomisk framover, der ein mellom anna må flytta ressursar over frå skule til helse, med den folketalsutviklinga ein har.
- Rekneskap og årsmelding er godkjent. At det er atterhald frå revisor heng saman med nye krav for oppsett, og formalitetatar som heng saman med den siste oppdateringa av kommunelova.

Per Lerøy (Ap) refererte frå kontakt med revisor, om at rekneskapen er godkjent, og at det er starta ein prosess for på sikra at dei formelle feila vert retta og ikkje kjem tilbake neste år. Lerøy la til at med Framsikt er det lettare å ha oversikt over budsjett og rekneskap.
Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at tala er veldig lett tilgjengelege med denne løysinga, greitt å finna fram til det ein ønskjer å finna.
Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det skal leggast ut ein PDF-variant saman med vedlegga, og at det elles skal ordnast utskrift som er tilgjengeleg i Servicekontoret. (Servicekontoret bidreg med dette)
Inger Lise Brekke (H) sa at storparten som er gjort er bra, dei feila som er gjort med årsmeldinga reknar ein med er retta til neste år. Brekke spurte om skuleverket har tilgang til informasjonen som ligg her i Framsikt, lokalkjent informasjon er kjekkare for skuleborna i undervisninga. Her stadfesta Fjellhaug at dette er mogleg å bruka.
Odd Harald Dommersnes, kommunalsjef økonomi- og personal, sa at det har vore diskusjonar kring om Framsikt var godkjent for levering av årsrekneskapen. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at kommunen har krav på å driva med digitalisering, og revisjonen må henga med.
Inger Lise Brekke (H) og Helge Dyrkolbotn (KrF) uttrykte begge tillit til at rekneskap og rapport er gjort på ein god måte.

Morten Sognnes (H) sa at også revisjonen må oppdatera seg etter dei nye løysingane som kjem.
Handsaming i formannskapet
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

**FS vedtak:**

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2020 for Austrheim kommune.

**Kommunestyret - 051/21 - 16.06.2021**

**KS - behandling:**
Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka. Årsmeldinga er frå 2020-utgåva over i digital drakt, med den digitale løysinga Framsikt. Sidan dette er første året med Framsikt-løysinga, er det ting her som ein reknar med skal bli betre i kommande årsmeldingar.

Er i dialog med revisjonen for å få årsmeldinga og årsrekneskapen heilt i tråd med dei krava som ligg i den nye kommunelova, samt at ein vert samde om korleis den digitale årsmeldinga skal leverast. 2020 enda med overskot, slik at ein etter godkjenning av årsmelding og årsrekneskap kan senda melding til Statsforvaltar og formelt komma ut av Robek-lista.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at årsrapporten er moderne og inneheld den informasjonen ein treng.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det var laga ein grundig årsrapport, om også er nyttig for det vidare arbeidet, med opplisting av utfordringar.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes vedteke.

**KS vedtak:**

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2020 for Austrheim kommune.

**Saksopplysninger:**
**Bakgrunn**

Kommunedirektøren har gleda av i år å levere ein digital årsrapport. Årsrapporten finn du på følgjande lenkje: https://pub.framsikt.net/2020/austrheim/mr-202012-ast/

Kommunedirektøren skal i medhald av Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22.6.2018 nr. 83 §§ 14-6 og 14-7 sørgje for at det skal for kvart kalenderår bli utarbeidd årsregnskap og årsmelding.

Kommunestyret skal vedta årsrekneskapen og årsmeldinga, etter innstilling frå formannskapet, jf. kommunelova §§ 142 og 14-3. Årsregnskapen skal handsamast samstundes med tilhøyrande årsmelding, jf. kommunelova § 14-3. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsregnskapen og årsmelding før formannskapet innstiller til vedtak, jf. § 14-3.

Årsmeldinga eller årsrapporten skal gjera greie for:

a) forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga i vare tek den økonomiske handleevna over tid

b) vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlege avvik frå premissane til kommunestyret for bruken av løyvingane

c) verksemda sin måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg betydning for kommunen eller innbyggjarane

d) tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagd sett i verk for å sikre ein høg etisk standard

e) den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling f. kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgjevar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26. Årsregnskapet skal vera klar innan 22. februar (jf. § 14-6), og årsmeldinga seinast 31. mars (jf. § 14-7).

Austrheim har vore gjennom ein spesiell og krevjande periode. Kommunedirektøren er glad for at vi på kort tid har klart å levere ei høvesvis god årsmelding som gjev eit godt oversyn over tenestene, økonomien og produksjonen i 2020.

Framtidig rapportering og budsjett- og økonomiplan vil verte levert som digitale løysingar. Dei som vil ha behov for det, kan få eit pdf-dokument ved å venda seg til kommunen. Vi trur at mykje ligg i gode digitale løysingar som gjev det oversiktleg og lett å finne fram.

Vi har lagt bak oss eit svært krevjande år både med arbeid i å koma ut av ROBEK, samstundes som ein verdsomfattande pandemi for alvor slo inn over oss tidleg i 2020. Det har prega store delar av drifta gjennom 2020 og vonleg ser vi lyset i enden av pandemien.

Kommunedirektøren vil rette ei stor takk til alle tilsette for ekstraordinært takke alle for godt samarbeid og ekstraordinær innsats i 2020. Takk også til ordførar og politikarar for godt samarbeid!

***Revisjonsberetning.***

Revisjonsberetninga frå revisjonen vert vedlagt årsrapport og årsrekneskapen for 2020. Kontrollutvalet har også handsama årsrapport og årsrekneskapen og deira uttale følgjer også saka.

Årsrapporten er levert i tide og har med dei vesentlege punkta og er etter lova.

Kommunedirektøren ser at det er påpeika nokre punkt når det gjeld årsrekneskapen frå revisjonen. Dette tek kommunedirektøren til etterretning og orsakar at dette ikkje har vore fanga opp og vil retta dette for ettertida. Det må peikast på at det har vore utskifting i heile leiinga i løpet av 2020 og dei som var ansvarleg for levering av årsrapporten i 2020, har ikkje vore med i 2021. Vi skulle ha fanga opp alle endringane i kommunelova som var gjeldande frå 2020, men her har noko glippa. Dette vil bli retta opp for ettertida og kommunedirektøren beklagar at det formelle ikkje har vore heilt på stell. Likevel er det ikkje funne feil i rekneskapen, den er rett og i balanse og syner eit resultat som fører oss ut av ROBEK. Det vert også peika på at det har vore god økonomistyring, sjølv om ikkje alle formelle oppsett har vore gjort i tråd med ny kommunelov.

**Vurdering**

Kommunedirektøren legg fram digital årsrapport for 2020 med vedlegg til godkjenning for

kommunestyret. Årsrekneskapen vert lagt fram i eiga sak.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2020 for Austrheim kommune.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 002/21 | Formannskapet | OS | 03.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-212 | 20/4925 |

**Austrheim kontrollutval - oversendingsbrev til kommunestyret i Austrheim kommune - KUsak 19.21 - Uttale til årsrapporteringa 2020**

**Vedlegg:**
Oversendingsmail - vedtak med uttale til kommunestyret og formannskap
Vedlegg - Særutskrift sak 19.21 - møte 28.04.2021 - Uttale til årsrapporteringa 2020 - Austrheim kontrollutval
Vedlegg - Vestlandsrevisjon ssin rapport for årsrekneskapen Austrheim 2020

**Framlegg til vedtak:**

**Formannskapet - 002/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**
Dette vedlegget er også inkludert i sak 070/21, og er handsama der.

**FS vedtak:**

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 070/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |
| 052/21 | Kommunestyret | PS | 16.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Odd Harald Dommersnes | FE-212 | 21/580 |

**Godkjenning av rekneskap 2020**

**Vedlegg:**
Austrheim kommune Årsregnskap 2020 15.04
Austrheim_revisjonsmelding 2020
2021 04 28 Møteprotokoll - Austrheim kontrollutval (003)
Austrheim kommune - Økonomioversikt

**Framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek Austrheim kommune sin årsrekneskap for 2020.

2. Kommunestyret vedtek å disponere årets rekneskapsmessige mindreforbruk til avsetning for disposisjonsfond kr. 6 622 326,65,-.

**Formannskapet - 070/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**
Odd Harald Dommersnes, kommunalsjef økonomi- og personal, orienterte om arbeidet med årsrekneskapen. Denne er for 2020 laga både i Framsikt og som eit eige vedlegg som vart produsert for revisor.
For overskot 2020 og 2021 er det føringar frå Statsforvaltar om at kommunen skal setta dette av til disposisjonsfond.
Per Lerøy (Ap) sa at det er bra at det er samsvar mellom budsjett og rekneskap, både på inntekter og utgifter. Tidlegare år har det gjerne vore ei gliding der auka inntekter har gitt auka utgifter, utan politisk vedtak. Skal vera politiske vedtak for å auka utgiftene.

Odd Harald Dommersnes viste til at ein frå 2019 til 2020 ikkje auka utgiftene, særleg er det innan barnehage og skule god kontroll på utgiftene. Inger Lise Brekke (H) spurte om dette går ut over tilbodet til elevane, her svara kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at det ikkje har gått ut over tilbodet til borna, men at det ikkje er heldig over tid å bruka så mykje mindre midlar enn budsjettert.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at barnevern slo positivt ut i 2020 med eit mindreforbruk på kring 2 millionar kroner.
Odd Harald Dommersnes, kommunalsjef økonomi- og personal, gjekk gjennom tala slik dei ligg i Framsikt, under Økonomi og Personal.
Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til vedtak gjort i Alver om å setta tilknytingsgebyret for vatn til landbruksbygg likt med avgifta for vanlege hus. Betalar forbruket etter eigne satsar. Dette bør gjerast i Austrheim også.
Odd Harald Dommersnes, kommunalsjef økonomi- og personal, viste til at kostnader til interkommunale samarbeid går opp utan at kommunen har påverknad. Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at det ikkje er mogleg å plussa på 1,1 millionar kroner årleg på desse IKS-samarbeida, kommunen må vurdera kva tilbod ein bør delta i.
Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om dei tilboda som vert gitt er gode nok, der det er reduserte utgifter, slik det har vore etter barnevernssamarbeid med Alver. Her svara Odd Harald Dommersnes at det handlar ein del om at Alver som større kommune kan forhandla seg til betre prisar.
Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

### FS vedtak:

1. Kommunestyret vedtek Austrheim kommune sin årsrekneskap for 2020.

2. Kommunestyret vedtek å disponere årets rekneskapsmessige mindreforbruk til avsetning for disposisjonsfond kr. 6 622 326,65,-.

## Kommunestyret - 052/21 - 16.06.2021

### KS - behandling:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka. Tala viser mellom anna at kommunen har klart å halda budsjetta på personalutgifter. Elles har ein klart å redusera renteutgifter i 2021, desse var på 4,6 millionar i 2020.

Er framleis i Robek-registeret til Statsforvaltar har registrert det som skal registrerast, sannsynlegvis er dette klart i august.

I samband med kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen viste Dommersnes til at det er ein del nytt i samband med at ein har gått over til Framsikt. Framover har ein inngått eit samarbeid med Stord kommune, som også brukar Framsikt, for å sikra at alt er på rett plass i samband med årsrekneskapen for 2021.

Dommersnes viste til at kommunestyret er suverene til å disponera mindreforbruket i 2020, men at Statsforvaltar har lagt føringar på det bør settast av til disposisjonsfond.

Revisor Janne Eraker sa at framstillinga av tala i årsrekneskapen ikkje følgjer krava etter lov og forskrift fullt ut, det gjev at det er sett atterhald i godkjenninga. Talmessig er dette eit godt rekneskap, og rekneskapen er sett opp på ein god og oversiktleg måte. Det er framstillinga som er utfordrande. For dei som brukar rekneskapen er det ikkje vesentleg informasjon som manglar, og det er ikkje noko som er utelete med vilje.

Eraker sa vidare at det er kjempebra at det er teke i bruk digitale løysingar som Framsikt, og

revisjonen ønskjer å henga med på den digitale utviklinga. Men det må vera mogleg å dokumentera at dokumenta for rekneskap og årsmelding er låste per dei datoane som gjeld for innlevering, der fristane er 22. februar for rekneskap og 31. mars for årsmelding.

Revisjonssjefen orienterte om at det pågår ein samanslåingsprosess der Nordhordland revisjon IKS har slått seg saman med Indre Hordaland Revisjon til Vestlandsrevisjon IKS, gjeldande frå 1.1.2021. Eraker er no revisjonssjef i både Vestlandsrevisjon IKS og Nordhordland revisjon IKS. Kan ikkje legga ned sistnemnde IKS før alle selskap som brukar denne er overførte, og det er det øvste organ i det enkelte selskap som må vedta bytte av revisor.

Vestlandsrevisjon IKS femner om kommunane/herada Voss, Ullensvang, Ulvik, Eidfjord, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Vestlandsrevisjon IKS har kontor på Knarvik og Voss, og har no mange kommunar der ein kan dra nytte av samarbeid.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

## KS vedtak:

1. Kommunestyret vedtek Austrheim kommune sin årsrekneskap for 2020.

2. Kommunestyret vedtek å disponere årets rekneskapsmessige mindreforbruk til avsetning for disposisjonsfond kr. 6 622 326,65,-.

## Saksopplysninger:

**Bakgrunn.**

Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen på grunnlag av innstilling frå formannskapet.

Vedtaket må angi disponering av rekneskapsmessig overskott eller dekning av rekneskapsmessig underskott, jf. kommunelova § 48. 3. ledd.

**Frå forskrift om årsrekneskap og årsberetning §10 hentast fylgjande:**

**1. ledd**: Årsrekneskapen og årsberetninga skal vedtakast av kommunestyret og fylkestinget sjølv seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt.

**2. ledd**: Årsrekneskapen skal vere avlagt innan 15. februar i året etter rekneskapsåret.

**3. ledd:** Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeidar årsberetninga, og legg den fram for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer.

Årsberetninga skal avgis utan ugrunna opphald, og seinast innan 31. mars. Dersom årsberetninga ikkje blir lagt fram for kontrollutvalet, skal den over sendast til kontrollutvalet før kontrollutvalet avgir uttale til årsrekneskapen. Årsberetninga skal føreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsrekneskapen skal handsamast.

**Frå forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.§ 5 hentast fylgjande:**

**1. ledd:** Revisor skal avgi revisjonsberetninga utan unødig opphald etter at årsrekneskapen er avlagt og seinast 15. april. Revisjonsberetninga skal avgis også der årsrekneskap ikkje føreligg eller er ufullstendig.

**Frå forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. § 7 hentast fylgjande:**

Når kontrollutvalet er blitt førelagt revisjonsberetningen frå revisor, skal utvalet avgi uttale om årsrekneskapen før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalet/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas omsyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret.

**Driftsregnskapet**

Driftsregnskapet for Austrheim kommune i 2020 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. **6.622.326,65,-.** Hendingar etter balansedagen (31.12.20) fram til årsrekneskapen er avlagt skal berre innarbeidast i årsrekneskapen dersom hendinga gir informasjon om tilhøve som eksisterte på balansedagen og vil ha rekneskapsmessige konsekvensar for årsrekneskapen.

Hendingar oppstått etter at årsrekneskapen er avlagt er kommunen ikkje pliktig å innarbeide i årsrekneskapen. Den pågåande korona-krisa i landet kan vurderast til å vere ei slik hending.

Kommunedirektøren vil i tertialrapport 1 ta opp dei økonomiske utfordringar knytta til krisa vi står midt oppe i no.

**Revisjonsberetninga og kontrollutvalet si uttale**

Dersom det kjem fram tilhøve i revisjonsberetninga eller kontrollutvalet si uttale som bør kommenterast av formannskapet, vil dette bli sendt fram i form av eit eige notat før saka skal handsamast av kommunestyret. Det er ein føresetnad at revisjonsberetning og kontrollutvalet si uttale ligge føre når kommunestyret skal handsama årsmeldinga for Austrheim kommune med årsberetning og årsrekneskap.

**Konklusjon.**

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren, og er eit uttrykkfor kva kommunen har til disposisjon til avsetjingar og investeringar. Austrheim kommune har i sitt økonomireglement sett som mål at ein skal ha eit disposisjonsfond på 10 % av brutto driftsinntekter.

Kommunedirektøren rår til at heile mindreforbruket i 2020 blir avsett til disposisjonsfond.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 072/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |
| 054/21 | Kommunestyret | PS | 16.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Odd Harald Dommersnes | FE-150 | 21/574 |

**Budsjettjustering fyrste tertial 2021**

## Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021.

H og Ap støttar kommunedirektøren sitt forslag til budsjettjusteringar, men ber om at kommunedirektøren legg fram ein meir detaljert plan for korleis løyvinga til planarbeidet for kommunehuset skal nyttast. Denne planen må leggjast fram for kommunestyret når saka skal opp til endeleg behandling der.
I tillegg foreslår H og Ap at det vert sett av kr 100.000,- til oppgradering av hagen på oppsida av Nordliheimen.

## Formannskapet - 072/21 - 03.06.2021

## FS - behandling:

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, gjekk gjennom saka. Ser ikkje at det kan brukast meir enn 1 million kroner til ombygging av kommunehuset, med dei utgiftene ein ser vil komma seinare i haust, mellom anna må det settast av 350.000 kroner til rekruttering av ny kommunedirektør.
Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at han er samd med dette om å komma tilbake med ein plan for arbeidet med kommunehuset, men det er ønskje om å få ei ramme no.
Thomas Lindås sa at reinsking av Servicekontoret vil kosta 100.000 kroner. Per no ser det ikkje ut for at det vert mindre enn 1 million for ombygging, heller meir. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er klart at ein million kan vera for lite, men at ein ønskjer å ha ein plan slik at politikarane kan seia si meining om kva som bør prioriterast.
Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er gjort budsjettjusteringar og legg opp til fleire, der alt er saldert mot auka skatteinngang. Er dette sikkert nok? Dommersnes svara at det er på grunn av usikkerheit at det er sett opp ein million og ikkje to millionar til kommunehuset.
Inger Lise Brekke (H) sa at det er tenkt frå politikarane at det skal gjerast noko som ikkje må rettast igjen om nokre få år. For Fensfjorden PPT er det viktig å ha eit godt tilbod, sidan ein skal visa seg fram for andre kommunar.
Per Lerøy (Ap) sa at det må gjerast så skikkeleg som mogleg. Sjå etter kva som er hensiktsmessig, kanskje sjå om enkelte tenester kan flyttast til leigde lokale, som til dømes bibliotek og Frivilligsentral. Treng møterom med lydisolering.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein gjerne må sjå langt fram i kartlegginga, men setta opp kva ein må gjera no innanfor denne millionen. Inger Lise Brekke (H) sa seg samd i at ein kan tenka langt framover men ikkje gjera alt no, men la til at det som vert gjort må vera i tråd med det som er tenkt på lengre sikt.
Per Lerøy (Ap) ga som døme at ein kan seia at HC-toalett i 1. etasje kan vera tilstrekkeleg i første omgang.
Kommunaldirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er fleire ting som spelar inn:

- Legga til rette for Fensfjorden PPT.
- Tenka tryggleik.
- Kvar skal servicemottaket vera plassert i bygget?
- I andre kommunar er gjester avhengig av å ha avtale, loggar seg på når dei kjem og vert henta av den som avtalen er med.
- Stemmer som det er sagt at det er mangel på møterom med tilstrekkeleg lydisolering.

Inger Lise Brekke (H) spurte om kva oppgåver som skal ligga i eit publikumsmottak/innbyggarservice, og kvar det skal ligga. Kan ligga i senteret, det vil skapa aktivitet og også vera heldig for næringslivet der. For det som skal vera på kommunehuset kan ein sjå på om det er mogleg å samla publikumstenester i 1. etasje.
Per Lerøy (Ap) sa at det må leggast godt til rette når ein inviterer andre kommunar inn i samarbeidet om Fensfjorden PPT.
---
Per Lerøy (Ap) viste til framlegget frå H og AP om pengar til hagen ved Nordliheimen. Dette handlar også om andre kommunale eigedommar, at den tilsette ser på eigedommen ein jobbar ved, og tar ansvar der. (Framlegget frå Ap/H ligg ved møteboka)
Kommunalsjef Thomas Lindås sa at ein skal jobba med eigarskap til der ein jobbar. Det gjeld alle avdelingar og alle tilsette.
Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er eit haldningsarbeid som må gjerast i heile organisasjonen, på fleire felt.
Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det kanskje er annleis no enn tidlegare, at det er lettare å be at teknisk skal ordna dette.
Inger Lise Brekke (H) sa at ein må sjå på om det er mogleg å invitera pårørande og andre inn til dette arbeidet.
Morten Sognnes (H) sa at dette med robotklypparar kan vera noko å satsa på, for å frigjera arbeidstid. Her svara Bjørnar Fjellhaug at dette er noko å prøva ut. Sognnes sa vidare at det er bra å dela opp oppgåvene og gje den tilsette sitt arbeidsområde som dei skal ta ansvar for.
Handsaming i formannskapet
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med tillegg av innspelet frå Ap/H:

H og Ap støttar kommunedirektøren sitt forslag til budsjettjusteringar, men ber om at kommunedirektøren legg fram ein meir detaljert plan for korleis løyvinga til planarbeidet for kommunehuset skal nyttast. Denne planen må leggjast fram for kommunestyret når saka skal opp til endeleg behandling der.
I tillegg foreslår H og Ap at det vert sett av kr 100.000,- til oppgradering av hagen på oppsida av Nordliheimen.

## FS vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021.

H og Ap støttar kommunedirektøren sitt forslag til budsjettjusteringar, men ber om at kommunedirektøren legg fram ein meir detaljert plan for korleis løyvinga til planarbeidet for

kommunehuset skal nyttast. Denne planen må leggjast fram for kommunestyret når saka skal opp til endeleg behandling der.

I tillegg foreslår H og Ap at det vert sett av kr 100.000,- til oppgradering av hagen på oppsida av Nordliheimen.

**Kommunestyret - 054/21 - 16.06.2021**

## KS - behandling:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det står midlar på fond som må brukast. Mellom anna til retaksering av verk og bruk. Her er arbeidet gjort, og skal ikkje gjerast igjen før om 8 år.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at det vert retta til at det er felles framlegg frå formannskapet. Dyrkolbotn ba om at det vart sett *inntil* 100.000 kroner til hage på Nordliheimen.

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det skal sjekkast kva som er bundne fond, men dette som Lerøy nemner er fritt.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at fond for eigendel til steinalderplass ved Fosnstraumen kan ein også bruka av.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for fellesframlegget frå formannskapet, inkludert at det skal heita at det kan brukast *inntil* 100.000 kroner til hage på Nordliheimen.

## KS vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021.

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren legg fram ein meir detaljert plan for korleis løyvinga til planarbeidet for kommunehuset skal nyttast. Denne planen må leggjast fram for kommunestyret når saka skal opp til endeleg behandling der.

Det vert sett av inntil kr 100.000,- til oppgradering av hagen på oppsida av Nordliheimen.

## Saksopplysninger:

**Bakgrunn.**

Budsjettet skal følgjast opp gjennom budsjettåret, og økonomiske data skal rapporterast inn til kommunestyret og formannskapet etter gjennomgang på alle tenesteområdene. Det skal i tillegg rapporterast til det nasjonale informasjonssystemet KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering).

Kommunedirektøren ser at det er behov for å styrkja budsjettet innan område som planarbeid og ombygging av Rådhuset i samband etablering av Fensfjorden PPT og effektivisering av arealbruken.

Kommunedirektøren har ansvaret for å rapportera om den økonomiske situasjonen til politisk nivå. Ved utgangen av kvart kvartal skal kommunedirektøren legga fram rapport til kommunstyret, det vert rapportert til formannskapet på månadsnivå. Rapporteringa skal ha fokus på å avdekka eventuelle avvik i høve vedteke årsbudsjett, tiltak for å oppnå balanse, prognose for året, utviklinga innanfor tenesteområda, oppnådde resultat/målsetjingar og status på eventuelle politiske vedtak. Dersom det er endringar i budsjettet, skal dette også leggast fram til handsaming i tertialrapport. Tertialrapportane skal handsamast i kommunestyret.

**Vurdering**

Dei tiltaka som kommunedirektøren har vurdert som naudsynt å be om pengar til er som fylgjer:

1. 1 000 000,- kroner til ombygging av kommunehuset

2. 200 000,- kroner til områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002

3. 200 000,- kroner til reguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planar. 2021001

| BUDSJETTENDRINGSSKJEMA | | | | | | Justering 1 tertial -2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Art | Ansvar | Teneste | Auka utg. (+) | Auka innt. (-) | Red. innt.(+) | Kommentarar: |
| 12400 | 6400 | 1300 | 1 000 000 | | | Ombygging av kommunehuset |
| 12700 | 5000 | 3010 | 200 000 | | | Områdeplan for bustadsområde Kaland, Fonnes med planid 2021002 |
| 12700 | 5000 | 3010 | 200 000 | | | Reguleringsplan for Bustadsområde B07 og skuleområde ved VGS med planid 2021001 |
| 0 | | | 0 | | | |
| 0 | | | 0 | | | |
| 0 | | | 0 | | | |
| 0 | | | 0 | | | |
| 0 | | | 0 | | | |
| 0 | | | 0 | | | |
| 0 | | | 0 | | | |
| 0 | | | 0 | | | |
| 0 | | | 0 | | | |
| 0 | | | 0 | | | |
| 0 | | | 0 | | | |
| 0 | | | 0 | | | |
| 0 | | | 0 | | | |
| 0 | | | 0 | | | |
| 18700 | 9000 | 8000 | | 1 400 000 | | Auka skatteinntekter |
| | | | | | | |
| | | | 1 400 000 | 1 400 000 | 0 | Kontroll (skal vera 0) |

Etter fyrste kvartal er skatteinngangen monaleg betre enn budsjett, men det vil alltid vera ei usikkerheit om skatteinngangen vil syna same positive avvik i resten av 2021.

**Konklusjon**

Kommunedirektøren tilrår kommunestyret å gjera desse budsjettendringane i samband med framlegginga av tertialrapporten for fyrste tertial 2021 og at budsjettjusteringa vert finansiert ved auka skatteinntekter.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 073/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |
| 055/21 | Kommunestyret | PS | 16.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Odd Harald Dommersnes | FE-150 | 21/581 |

**Rullering av økonomiplan**

**Vedlegg:**
Revidert nasjonalbudsjett 2021 og kommuneopplegget for 2022
Godkjenning av budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024
Økonomiplan 2022-2025

**Framlegg til vedtak:**
Kommunestyret vedtek økonomiplanen 2022-2025 slik han ligg føre.

**Formannskapet - 073/21 - 03.06.2021**

**FS - behandling:**
Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, gjekk gjennom saka.
Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det i nabokommunar har variert veldig mellom estimata for inntekter og utgifter, det har ein ikkje hatt her i Austrheim.
Per Lerøy (Ap) sa om demografi og utgifter at folk er sprekare enn før opp i alder, men må legga til rette med omsorgsbustader slik at folk kan bu heime lenger, og ha eit tenestetilbod som er tilrettelagt. Rigga Nordliheimen på ein effektiv måte.
Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at tilbod som Furuly og andre er ein viktig del av dette, Per Lerøy svar at det ikkje er mål at kommunen skal bygga. Bra som på Furuly at det er samla, heimehjelp kan svinga innom fleire bebuarar på same turen.
Inger Lise Brekke (H) sa at kommunen får meir og meir ansvar, for demente, for unge pleietrengande og for dei som vert raskare utskrivne frå sjukehus etter inngrep eller liknande.
Ordførar Per Lerøy (Ap) sa ein må satsa på at eldre bur heime lengre, og vidare bruk av omsorgsteknologi og bygging av omsorgsbustader.
Inger Lise Brekke (H) spurte om det finnest ei oversikt over kva som ikkje er lovpålagt. Bjørnar Fjellhaug svara at dette skal synleggjerast gjennom budsjettarbeidet. Både sjå på kva tenester ein skal tilby, og kva nivå det skal vera på desse tenestene.
Inger Lise Brekke (H) sa at det kan vera ikkje-lovpålagde tenester der ein ser at ringverknadene er store at det er verdt det å halda oppe støtta.
Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det også handlar om at eit tilbod som kanskje ikkje er lovpålagt, kan vera det som fører til at folk flyttar til kommunen, og då er det ei investering som er verdt det.
Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig å satsa på tilflytting, for utviklinga vidare. Om disposisjonsfondet sa Lerøy sa at dette bør formulerast slik at det skal vera på eit visst nivå som snitt

over tid, som ein buffer.
Morten Sognnes (H) sa at ein åtte års økonomiplan kan sjåast på som ein strategiplan.
Odd Harald Dommersnes sa at det for åra framover er lagt opp til auke for sektoren helse, omsorg og frivillige tenester, men dei andre sektorane ligg flatt.
Inger Lise Brekke (H) sa at løyvinga til steinalderstien ved Fosnstraumen kan gå ut, andre kan ta denne kostnaden.
Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er fornuftig om formannskapet tar ei drøfting saman med administrasjonen om kva som skal vera måla for kommunen framover. Gjerne eit møte der ein jobbar med måla, utan å gjera noko vedtak.
Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det frå budsjettsamlinga 25. mai vart gjort ei slik bestilling om drøftingsmøte, og at det er viktig å setja nokre mål.
Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er viktig å tenka høgt saman om dette, sjå på kva ein kan gjera for å få folk til å flytta til Austrheim.
Inger Lise Brekke (H) sa at det er like viktig å halda på dei innbyggjarane ein har, som å få tak i nye.
Per Lerøy (Ap) svara at det må vera første mål å få dei som er frå Austrheim til å bli buande, eller flytta heim igjen.
Morten Sognnes spurte om status for steinalderstien i Fosnstraumen. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er fleire utfordringar her:

- Er gitt midlar frå fylket, men desse kan ikkje brukast til skogrydding.
- Strenge krav på korleis skogryddinga skal gjennomførast.
- Er på annan manns grunn, må anten kjøpa eller få ein langsiktig avtale med grunneigar.
- Har måtta betala tilbake ein del midlar på grunn av sein framdrift, men Riksantikvaren har signalisert at ein kan søka seinare når ein er klare til å gå i gang.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak

### FS vedtak:

Kommunestyret vedtek økonomiplanen 2022-2025 slik han ligg føre.

## Kommunestyret - 055/21 - 16.06.2021

### KS - behandling:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.
- Løpande drift skal finansierast med løpande inntekter.
- Det er krav om rulleringar av økonomiplanen årleg.
- Ser at utgiftene aukar, men ikkje at inntektene aukar.
- Kjem ikkje utanom at ein må gjera nokre prioriteringar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det skal gjevast nokre signal om føringar for budsjett 2022 og framover. Endeleg vedtak av budsjett og økonomiplan skjer i desembermøtet.
Odd Harald Dommersnes sa at det viktig med føringar. Administrasjonen treng tydelege signal.

Helge Dyrkolbotn KrF) sa at han kjenner seg trygg på at økonomisjefen har kontroll på tala. Politikarane må ha kontroll på økonomien og planen framover. Ikkje nøgd med det verdtaket ein gjorde i formannskapet, har nytt framlegg til vedtak:

*1. Orientering om førebels økonomiplan 2022 - 2025 vert teke til vitande.*
*2. Strategidokument for Austrheim kommune vert utarbeidd som grunnlag for endeleg økonomiplan 2022-2025 og lagt fram for kommunestyret i samband med budsjett 2022*
*3. Rådmannen arbeider videre med kartlegging av investeringsbehov for å sikre betre økonomisk*

*drift. Eventuelle nye investeringsbehov vert innarbeidd i endeleg framlegg til økonomiplan 2022 - 2025 som skal til politisk handsaming hausten 2021.*
Heile kommunestyret vert kalla inn til strategisamling i midten av september. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det vert gjeve nokre føringar frå politisk til administrasjonen under strategiseminaret.

Aslak Bakke (H), spurte om sjukefråværet. Når byrjar alarmen å ula? Når skjer det noko når tala går opp? Bør inn i målsettingane slik at det er klart kommunisert til dei tilsette. Bakke spurte kor mykje som er korttids- og langtidsfråvær. Odd Harald Dommersnes svara at dette med fråvær vert det jobba med gjennom nærværsprosjektet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han støtta KrF sitt framlegg til vedtak. Må jobba vidare med dette utover hausten.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for KrF sitt framlegg til vedtak.

## KS vedtak:

1. Orientering om førebels økonomiplan 2022 - 2025 vert teke til vitande.
2. Strategidokument for Austrheim kommune vert utarbeidd som grunnlag for endeleg økonomiplan 2022-2025 og lagt fram for kommunestyret i samband med budsjett 2022
3. Rådmannen arbeider videre med kartlegging av investeringsbehov for å sikre betre økonomisk drift. Eventuelle nye investeringsbehov vert innarbeidd i endeleg framlegg til økonomiplan 2022 - 2025 som skal til politisk handsaming hausten 2021.

## Saksopplysninger:

**Bakgrunn.**

Kommunar skal utarbeida fireårige økonomiplanar og årlege budsjett. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vedtakast med økonomisk balanse, og byggje på realistiske forventningar om utviklinga i inntekter og utgifter.

Kommunelova stiller krav om at den løypande drifta berre skal finansiere av løypande inntekter. Økonomiplanlegging skal bidra til ressursane blir utnytta på best mogeleg måte, og er grunnlaget for at tenestetilbodet blir tilpassa utviklinga i innbyggarane sine behov og utviklinga i inntektene. God planlegging av økonomi og tenestilbodet bidreg til å styrke det lokalpolitiske handlingsrommet. Kommunestyret skal sjølv vedta økonomiplanen og årsbudsjettet, her under prioritere ressursbruken på dei ulike tenesteområda. Kommunestyret har ansvaret for at årsbudsjettet blir halden, og skal iverksetje tiltak gjennom året som er naudsynt for å oppretthalda budsjettbalansen. Kommunar og i økonomisk ubalanse er underlagt ordninga med statleg budsjettkontroll og godkjenning av låneopptak (ROBEK).

**V**ed rulleringa av økonomiplanen må dei folkevalde kunne ta stilling til alle endringar i aktivitetsnivået. Ei mogeleg tilnærming er at det i ein tidleg fase blir informert om planføresetnadene og korleis dette påverkar det konsekvensjusterte budsjettet og økonomiplanen. Dersom kommunestyret gjev sin tilslutning til at endringar i aktivitetsnivå som følge av endringar i kommunen si folketalssamansetjing skal dette innarbeidast før ein startar prioriteringsdiskusjonen på politisk nivå, kan administrasjonen ta omsyn til dette og innarbeide det i utkastet sitt.

I første halvdel av oktober blir framlegget til regjeringa sitt statsbudsjett lagt fram. Med dette vil kommunane sine inntekter med svært stor grad av trefftryggleik vere gitt. Det vil også liggje element av bindingar på utgiftene. Administrasjonen vil måtte innarbeide desse konkrete elementa. Dette vil vere grunnlaget for formannskapet si innstilling. På dette tidspunktet skal formannskapet ha føresetnad til å setje opp eit fullstendig budsjett. I tillegg bør det liggje føre utrekningar for inntekter og utgifter ved ulike tiltak som ikkje er ein del av formannskapet si innstilling. Dette for å gje andre politiske aktørar, interessegrupper, administrasjonsutval og innbyggjarar høve å la seg høyre og eventuelt utarbeide alternative framlegg. I tillegg vil ein god oversikt over alternative framlegg kunne handsamast i dei politiske avgjerdsorgana mot slutten av budsjettprosessen utan at det blir for ressurskrevjande. I denne perioden er det dei folkevalde som bør vere framtredande på arenaen.

**Vurdering.**

Det må etablerast ei felles situasjonsforståing av det økonomiske utgangspunktet i Austrheim før tenesteområde kan prioriterast opp eller ned. Det er difor i framlegget til rullering ikkje blitt gjort større endringar i høve til budsjettplanen for 2021-2024. Dei vala ein gjer må byggje på analysar av nosituasjonen, langsiktige konsekvensar av endringar i folketalet og behov for tenester mv., og langsiktige konsekvensar av lokalpolitiske mål for utviklinga av kommunen. Økonomiplanlegginga bidreg til at prioriteringsdiskusjonen kan ha eit realistisk grunnlag som reflekterer kva det faktisk er mogleg å oppnå i kommunen, samstundes som kommunen sikrar seg økonomisk balanse og eit godt grunnlag for å yta eit godt tenestetilbod over tid. Det er tidkrevjande å skape ei felles situasjonsforståing, og det er difor viktig å skape ei slik forståing tidleg i økonomiplanprosessen og budsjettarbeidet.

For å bidra til ei felles forståing av Austrheim kommunen sin økonomiske situasjon er der ei rad ulike spørsmål som ein bør stille ved rullering av økonomiplanen

- **Er Austrheim kommunen sin økonomi i balanse?**

Vi har for dei 2 siste åra ei positiv økonomisk utvikling som gjer at vi no med framlegginga av rekneskapen for 2020 vil kunne bli meldt ut av Robek

- **Kva for statlege føringar kan vi forventa?**

Det er ikkje framlegg om vesentlege endringar i inntektssystemet frå 2021 til 2022 for kommunane**.** Det er gjeve signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr 1,6 mrd. og kr 2,0 mrd. frå 2021 til 2022. Veksten er rekna frå det pårekna inntektsnivået 2021 som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Det vil seie at pårekna meirskatt i revidert nasjonalbudsjett, kr 2,7 mrd., er med i grunnlaget når veksten til 2022 blir rekna. Mellombelse tiltak, som koronatiltaka, vil ikkje inngå i grunnlaget for veksten til 2022. Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2021 til 2022 vil difor kome som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjend i statsbudsjettet til hausten. Innlemming av øyremerka tilskot i rammetilskotet kjem også som eit tillegg til realauka i dei frie inntektene. Veksten i dei frie inntektene må blant anna finansiere auka demografikostnader.

Den delen av veksten i kommunesektoren sine demografikostnader som må bli finansierte av dei frie inntektene, er førebels rekna til kr 936 mill. Denne veksten kan bli fordelt med kr 566 mill. på kommunane og kr 370 mill. på fylkeskommunane. Det er stor uvisse knytt til desse overslaga. Det kommunale skatteøyret for 2022 vil bli fastsett ved handsaminga av statsbudsjettet for 2022. Det blir

lagt opp til å fastsetje skatteøyret på grunnlag av målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekta

**• Korleis vil utviklinga i rentenivå påverka kommunen?**

Vi har no i ein lengre periode hatt eit historisk lågt rentenivå, signala frå Noregs Bank er at ein kan forventa ei renteheving i 2022. I samband med at vi nå i 2021 gjennomføre refinansiering av låna våre så forventar kommunedirektøren at endra rentenivå i mindre grad vil påverka kommunen sin økonomi. Det er i rulleringa av budsjettplanen lagt opp til at vi ikkje får auke i våre finanskostnader.

**• Korleis vil folketalet og folketalssamansetjinga i kommunen utvikle seg dei komande åra?**

Vi ser utifrå oppdaterte tal frå SSB at gruppa over 80 år veks, dette skjer alt frå 2021 og i heile planperioden. Det er derfor i rulleringa tatt inn ein auka kostnad frå 80,9 millionar i 2021 til 85 millionar i 2025

**• Kva delar av  Austrheim kommunen sitt tenestetilbod kan forvente auka etterspurnad?**

Ut frå endra demografisk samansetjing så vil ein kunne forventa auka etterspurnad etter tenester innan helse og omsorg.

**• Kva delar av kommunen sitt tenestetilbod kan forvente redusert etterspurnad?**

Kommunedirektøren har i sitt framlegg til rullering ikkje lagt inn reduksjon i løyvingane til dei einskilde sektorane.

**• På kva områder vil kostnadene auke i framtida dersom det ikkje vert teken grep i dag?**

Det er behov for at ein ser nærare på om den faste kostnadsdelen (løn) er for høg i høve til den samla budsjettramma. Det er no gjennomført ei endring i organiseringa av kommunen utan at ein har sett nærare på økonomien ved denne endringa. Kommunen bør i større grad ha fokus på lovpålagte tenester versus ikkje-lovpålagte tenester.

**• Kva alternativ har kommunen for å dekkje dei identifiserte framtidige behov?**

Det fins 2 måtar å dekkja framtidige behov på, anten gjennom å redusere kostnadane eller å auka inntektene. Historisk har ein hatt fokus å kutte kostnader, og kanskje ikkje hatt like stort fokus på å auke inntektene gjennom å selje tenester til andre kommunar evt. auke talet til innbyggjar gjennom tilflytting.

**• Kor ligger usikkerheitene/risikoane, og korleis handterer kommunen dei?**

Kommunedirektøren har i rulleringa ikkje lagt inn investeringar for 2025, då ein bør ta ein grundig diskusjon knytta til investeringar utover dei som inngår i sjøvkostområdet. Vi skal i denne 4-årsperioden gjennomføre fleire store investeringar som vil påverka økonomien vår. Dette gjeld:

- Oppgradering av skulane våre
- Opprusting av Nordli heimen
- Bygging av omsorgsbustadar

Desse investeringane vil vera monalege og avgrensa kommune sitt handlingsrom til å gjennomføre andre større investeringar. Det at vi i perioden skal auke låneopptaket som gjev større avdrag samstundes som vi skal byggje opp eit monaleg disposisjonsfond gjev grunnlag for at ein må prioritera i planperioden. Ein måte som kan gje oss handlingsrom er å bruka lengre tid på å byggja opp disposisjonsfondet. Ein ser i rulleringa av økonomiplanen at nettoavsetningar ligg på mellom 6,5 til 9,3 millionar for dei åra som inngår i planen.

**Konklusjon**

Som ein ser i rulleringa av langtidsbudsjettet så er det ikkje forventa monaleg auka i inntektene våre. Dette gjer at fokus dei neste 4 åra vil vera å redusere kostnadsdelen. Kommunedirektøren meiner at ein i samband med budsjett 2022 og i planperioden bør setja konkrete mål for god økonomistyring i Austrheim kommune. Døme på slike mål kan vera:

*Kommunen si langsiktige planlegging skal ha mål om ei berekraftig økonomisk utvikling som tek i vare notida sitt behov utan å stå i vegen for at framtidige generasjonar klarar å ta i vare sine behov (generasjonsprinsippet).

* Kommunen skal til ei kvar tid ha eit disposisjonsfond på minst 28 mill. kr som buffer ved eit eventuelt driftsunderskott.

*Kommunen skal ha ei lånegjeld som ikkje overstig gjennomsnittet for norske kommunar og samstundes tek i vare generasjonsprinsippet.

* Kommunen sin økonomiplan for dei fire neste åra skal sjåast i lys av det investering- og driftsbehov kommunen vil ha i eit perspektiv på inntil 8 år.

• Austrheim kommunen skal ha myndiggjorte leiarar med ansvar for og mynde til å disponere tildelte driftsrammer.

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek den framlagte økonomiplanen slik han ligg føre.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 074/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |
| 056/21 | Kommunestyret | PS | 16.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Odd Harald Dommersnes | FE-242 | 21/529 |

**Ekstraordinær tilførsel til premiefond**

## Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond.

## Formannskapet - 074/21 - 03.06.2021

### FS - behandling:

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, gjekk gjennom saka.
Dette er midlar som er frigjort, men samstundes er det ikkje midlar som kommunen kan disponera, det vert ståande i pensjonsfondet.
Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### FS vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond.

## Kommunestyret - 056/21 - 16.06.2021

### KS - behandling:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret
Samrøystes for formannskapets framlegg til vedtak:

### KS vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond.

## Saksopplysninger:

Endringar i reglane for offentleg tenestepensjon er hovudårsaka til at det er frigjort betydelege midlar frå oppsparte pensjonsreservar (premiereservar). Dette gjeld i dei fleste pensjonsordningane i KLP, men ikkje i den lukka pensjonsordninga for folkevalde. Dei frigjorte midlane vil bli berekna med utgangspunkt i pensjonsgrunnlaget i kvar av våre pensjonsordningar. Midlane vil bli overført frå KLP til premiefondet vårt i 2. kvartal 2021, og kan berre nyttast til å betale framtidig pensjon.

Nedanfor gir KLP dei førebelse anslaga på kva dei frigjorte premiereservane vil bety for oss i kvar av pensjonsordningane Austrheim kommune har i KLP. Endelege beløp kan ikkje fastsetjast før ved rekneskapsavslutninga for 2020.

| Pensjonsordning | Samlet i ordningen i prosent av pensjonsgrunnlaget | Foreløpig anslag |
|---|---|---|
| Fellesordningen for kommuner og bedrifter | 14,5 % | kr 15 240 000 |
| Pensjonsordningen for sykepleiere | 8,5 % | kr 1 590 000 |

Dei frigjorte midlane som skuldast endringa i avsetningsbehov for alderspensjon vil bli overført til premiefondet i 2. kvartal 2021.

**Korleis vil vi bruka premiefondet?** Midlar på premiefondet kan berre nyttast til betaling av framtidige pensjonspremiar. Dei ekstraordinære midlane vil bli ståande på premiefondet (lukka) til vi gir KLP melding om å bruka dei. Dersom vi ønskjer at KLP automatisk skal trekkje premieinnbetalingar frå desse midlane på premiefondet framover (opent), må vi gi KLP beskjed om det. Dei øvrige tilføringane av overskott og avrekningar til premiefondet vil som før bli nytta til betaling av komande premie-fakturaer.

**Rekneskapsmessige konsekvensar ved bruk av premiefondet av heile ekstraordinær tilførsel**

Dersom vi vel å nytte heile den ekstraordinær tilførselen vil premien til KLP blir trekt frå premiefondet i 2021. Det vil føre til at premieavviket blir vesentleg lågare enn normalt, truleg negativt. Eit negativt premieavvik vil redusera det akkumulerte premieavviket. For dei komande åra vil då dei samla pensjonskostnadane bli noko lågare som fylgje av redusert avskriving av premieavvik. For dei som praktiserer eit års avskriving vil dette gje nedgang i samla pensjonskostnad i 2022, og deretter små utslag.

**Døme på bruk av heile den ekstraordinære tilførselen til premiefondet.**

| ØKONOMIPLAN PENSJON-PROGNOSE | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skriv inn risikofellesskap: | 18 | | | | | | | | |
| Skriv inn arbeidsgiver: | 1264001 | | | | Ønsket bruk | 14340000 | 0 | 0 | 0 |
| **Austrheim kommune** | **Normal bruk av premiefond** | | | | | **Bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond** | | | |
| **BUDSJETT** | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** |
| Anslag samlet innbetaling | 18461000 | 19055000 | 20735000 | 21233000 | | 4121000 | 19055000 | 20735000 | 21233000 |
| Anslag samlet innbetaling i % av pensjonsgrunnlaget | 19,4 % | 19,4 % | 20,5 % | 20,3 % | | 4,3 % | 19,4 % | 20,5 % | 20,3 % |
| | | | | | | | | | |
| Netto pensjonskostnad | 10147000 | 10434000 | 10740000 | 11048000 | | 10398000 | 10945000 | 11269000 | 11595000 |
| Omkostninger | 724000 | 752000 | 783000 | 816000 | | 724000 | 752000 | 783000 | 816000 |
| Amortisert premieavvik | 3505000 | 3759000 | 4517000 | 5383000 | | 3505000 | 1675000 | 2360000 | 3150000 |
| Samlet pensjonskostnad | 14376000 | 14945000 | 16040000 | 17247000 | | 14627000 | 13372000 | 14412000 | 15561000 |
| Samlet pensjonskostnad i % av pensjonsgrunnlaget | 15,1 % | 15,2 % | 15,8 % | 16,5 % | | 15,4 % | 13,6 % | 14,2 % | 14,9 % |
| | | | | | | | | | |
| Årets premieavvik (positivt avvik som inntekt) | 7590000 | 7869000 | 9212000 | 9369000 | | -7001000 | 7358000 | 8683000 | 8822000 |
| | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| **FORUTSETNINGER** | **2021** | **2021** | **2023** | **2024** | | | | | |
| Pensjonsgrunnlaget i året | 95282000 | 98140000 | 101281000 | 104522000 | | 95282000 | 98140000 | 101281000 | 104522000 |
| | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| Avskrivningstid (Amortiseringstid) | 7 | 7 | 7 | 7 | | 7 | 7 | 7 | 7 |


| ØKONOMIPLAN PENSJON-PROGNOSE | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skriv inn risikofellesskap: | 18 | | | | | | | | |
| Skriv inn arbeidsgiver: | 1264001 | | | | Ønsket bruk | 14340000 | 0 | 0 | 0 |
| **Austrheim kommune** | **Normal bruk av premiefond** | | | | | **Bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond** | | | |
| **BUDSJETT** | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** |
| Anslag samlet innbetaling | 18461000 | 19055000 | 20735000 | 21233000 | | 4121000 | 19055000 | 20735000 | 21233000 |
| Anslag samlet innbetaling i % av pensjonsgrunnlaget | 19,4 % | 19,4 % | 20,5 % | 20,3 % | | 4,3 % | 19,4 % | 20,5 % | 20,3 % |
| | | | | | | | | | |
| Netto pensjonskostnad | 10147000 | 10434000 | 10740000 | 11048000 | | 10398000 | 10945000 | 11269000 | 11595000 |
| Omkostninger | 724000 | 752000 | 783000 | 816000 | | 724000 | 752000 | 783000 | 816000 |
| Amortisert premieavvik | 3505000 | 3759000 | 4517000 | 5383000 | | 3505000 | 1675000 | 2360000 | 3150000 |
| Samlet pensjonskostnad | 14376000 | 14945000 | 16040000 | 17247000 | | 14627000 | 13372000 | 14412000 | 15561000 |
| Samlet pensjonskostnad i % av pensjonsgrunnlaget | 15,1 % | 15,2 % | 15,8 % | 16,5 % | | 15,4 % | 13,6 % | 14,2 % | 14,9 % |
| | | | | | | | | | |
| Årets premieavvik (positivt avvik som inntekt) | 7590000 | 7869000 | 9212000 | 9369000 | | -7001000 | 7358000 | 8683000 | 8822000 |
| | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| **FORUTSETNINGER** | **2021** | **2021** | **2023** | **2024** | | | | | |
| Pensjonsgrunnlaget i året | 95282000 | 98140000 | 101281000 | 104522000 | | 95282000 | 98140000 | 101281000 | 104522000 |
| | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| Avskrivningstid (Amortiseringstid) | 7 | 7 | 7 | 7 | | 7 | 7 | 7 | 7 |

| ØKONOMIPLAN PENSJON-PROGNOSE | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skriv inn risikofellesskap: | 13 | | | | | | | | |
| Skriv inn arbeidsgiver: | 1264001 | | | | Ønsket bruk: | 1 200 000 | 0 | 0 | 0 |
| **Austrheim kommune** | **Normal bruk av premiefond** | | | | | **Bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond** | | | |
| **BUDSJETT** | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** |
| Anslag samlet innbetaling | 2 722 000 | 2 803 000 | 3 020 000 | 3 100 000 | | 1 522 000 | 2 803 000 | 3 020 000 | 3 100 000 |
| Anslag samlet innbetaling i % av pensjonsgrunnlaget | 18,4 % | 18,4 % | 19,2 % | 19,1 % | | 10,3 % | 18,4 % | 19,2 % | 19,1 % |
| | | | | | | | | | |
| Netto pensjonskostnad | 1 612 000 | 1 647 000 | 1 689 000 | 1 729 000 | | 1 633 000 | 1 690 000 | 1 733 000 | 1 775 000 |
| Omkostninger | 113 000 | 117 000 | 121 000 | 126 000 | | 113 000 | 117 000 | 121 000 | 126 000 |
| Amortisert premieavvik | 232 000 | 381 000 | 473 000 | 686 000 | | 232 000 | 207 000 | 293 000 | 500 000 |
| Samlet pensjonskostnad | 1 957 000 | 2 145 000 | 2 283 000 | 2 541 000 | | 1 978 000 | 2 014 000 | 2 147 000 | 2 401 000 |
| Samlet pensjonskostnad i % av pensjonsgrunnlaget | 13,2 % | 14,1 % | 14,5 % | 15,7 % | | 13,4 % | 13,2 % | 13,7 % | 14,8 % |
| | | | | | | | | | |
| Årets premieavvik (positivt avvik som inntekt) | 997 000 | 1 039 000 | 1 210 000 | 1 245 000 | | -224 000 | 996 000 | 1 166 000 | 1 199 000 |
| | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| **FORUTSETNINGER** | **2021** | **2021** | **2023** | **2024** | | | | | |
| Pensjonsgrunnlaget i året | 14 783 000 | 15 226 000 | 15 713 000 | 16 216 000 | | 14 783 000 | 15 226 000 | 15 713 000 | 16 216 000 |
| | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| Avskrivningstid (Amortiseringstid) | 7 | 7 | 7 | 7 | | 7 | 7 | 7 | 7 |

**Døme på bruk av 50 % av den ekstraordinære tilførselen til premiefondet.**

| ØKONOMIPLAN PENSJON-PROGNOSE | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skriv inn risikofellesskap: | 18 | | | | | | | | |
| Skriv inn arbeidsgiver: | 1264001 | | | | Ønsket bruk: | 7 170 000 | 0 | 0 | 0 |
| **Austrheim kommune** | **Normal bruk av premiefond** | | | | | **Bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond** | | | |
| **BUDSJETT** | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** |
| Anslag samlet innbetaling | 18 461 000 | 19 055 000 | 20 735 000 | 21 233 000 | | 11 291 000 | 19 055 000 | 20 735 000 | 21 233 000 |
| Anslag samlet innbetaling i % av pensjonsgrunnlaget | 19,4 % | 19,4 % | 20,5 % | 20,3 % | | 11,9 % | 19,4 % | 20,5 % | 20,3 % |
| | | | | | | | | | |
| Netto pensjonskostnad | 10 147 000 | 10 434 000 | 10 740 000 | 11 048 000 | | 10 272 000 | 10 689 000 | 11 004 000 | 11 322 000 |
| Omkostninger | 724 000 | 752 000 | 783 000 | 816 000 | | 724 000 | 752 000 | 783 000 | 816 000 |
| Amortisert premieavvik | 3 505 000 | 3 759 000 | 4 517 000 | 5 383 000 | | 3 505 000 | 2 717 000 | 3 439 000 | 4 267 000 |
| Samlet pensjonskostnad | 14 376 000 | 14 945 000 | 16 040 000 | 17 247 000 | | 14 501 000 | 14 158 000 | 15 226 000 | 16 405 000 |
| Samlet pensjonskostnad i % av pensjonsgrunnlaget | 15,1 % | 15,2 % | 15,8 % | 16,5 % | | 15,2 % | 14,4 % | 15,0 % | 15,7 % |
| | | | | | | | | | |
| Årets premieavvik (positivt avvik som inntekt) | 7 590 000 | 7 869 000 | 9 212 000 | 9 369 000 | | 295 000 | 7 614 000 | 8 948 000 | 9 095 000 |
| | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| **FORUTSETNINGER** | **2021** | **2021** | **2023** | **2024** | | | | | |
| Pensjonsgrunnlaget i året | 95 282 000 | 98 140 000 | 101 281 000 | 104 522 000 | | 95 282 000 | 98 140 000 | 101 281 000 | 104 522 000 |
| | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| Avskrivningstid (Amortiseringstid) | 7 | 7 | 7 | 7 | | 7 | 7 | 7 | 7 |

| ØKONOMIPLAN PENSJON-PROGNOSE | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skriv inn risikofellesskap: | 13 | | | | | | | | |
| Skriv inn arbeidsgiver: | 1264001 | | | | Ønsket bruk: | 600 000 | 0 | 0 | 0 |
| **Austrheim kommune** | **Normal bruk av premiefond** | | | | | **Bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond** | | | |
| **BUDSJETT** | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** |
| Anslag samlet innbetaling | 2 722 000 | 2 803 000 | 3 020 000 | 3 100 000 | | 2 122 000 | 2 803 000 | 3 020 000 | 3 100 000 |
| Anslag samlet innbetaling i % av pensjonsgrunnlaget | 18,4 % | 18,4 % | 19,2 % | 19,1 % | | 14,4 % | 18,4 % | 19,2 % | 19,1 % |
| | | | | | | | | | |
| Netto pensjonskostnad | 1 612 000 | 1 647 000 | 1 689 000 | 1 729 000 | | 1 623 000 | 1 668 000 | 1 711 000 | 1 752 000 |
| Omkostninger | 113 000 | 117 000 | 121 000 | 126 000 | | 113 000 | 117 000 | 121 000 | 126 000 |
| Amortisert premieavvik | 232 000 | 381 000 | 473 000 | 686 000 | | 232 000 | 294 000 | 383 000 | 593 000 |
| Samlet pensjonskostnad | 1 957 000 | 2 145 000 | 2 283 000 | 2 541 000 | | 1 968 000 | 2 079 000 | 2 215 000 | 2 471 000 |
| Samlet pensjonskostnad i % av pensjonsgrunnlaget | 13,2 % | 14,1 % | 14,5 % | 15,7 % | | 13,3 % | 13,7 % | 14,1 % | 15,2 % |
| | | | | | | | | | |
| Årets premieavvik (positivt avvik som inntekt) | 997 000 | 1 039 000 | 1 210 000 | 1 245 000 | | 386 000 | 1 018 000 | 1 188 000 | 1 222 000 |
| | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| **FORUTSETNINGER** | **2021** | **2021** | **2023** | **2024** | | | | | |
| Pensjonsgrunnlaget i året | 14 783 000 | 15 226 000 | 15 713 000 | 16 216 000 | | 14 783 000 | 15 226 000 | 15 713 000 | 16 216 000 |
| | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| Avskrivningstid (Amortiseringstid) | 7 | 7 | 7 | 7 | | 7 | 7 | 7 | 7 |
| | | | | | | | | | |

**KLP  har fylgjande forventningar om framtidige premieauke**

Det er særskilt to tilhøve som vi må ta omsyn til når vi skal vurdere bruken av premiefondet til betaling av premie i 2021 eller seinare.

KLP forventar auka krav til avsetning og premieauke for AFP frå 2025, når medlemmer født i 1963 fyller 62 år og kan ta ut ny livsvarig AFP. Det er mellom anna framleis stor usikkerheit rundt regelverket for ny AFP til alle fødd i 1963 og seinare.

I løpet av dei næraste åra forventar KLP endring i pensjonsreglane for personar med særaldersgrense. Dette omfattar mange medlemmar i KLP. Nye reglar for særaldersgrenser kan også medføre auka premiar.

Dersom vi vel å ha innestående midlar på premiefondet kan desse brukast til å stabilisere premieinnbetalingane ved slike premieaukingar i komande år.

KLP ber oss om attendemelding innan 18 juni om korleis vi ynskjer å nytta premiefondet på annan måte enn det som no er lagt opp til.

**Konklusjon**

Kommunedirektøren rår til at ein nyttar 50 % av den ekstraordinære utbetalinga i 2021 og at resten av dei frigjevne midlane vert sett av til å kunne nyttast til å betale evt auke i premieinnbetalingane.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 075/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |
| 047/21 | Kommunestyret | PS | 16.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Monika Kvamme | FE-144, FE-441, HistSak-14/916 | 20/234 |

**Skifte av namn på smitteoverlege i smittevernplan i samband med overlegepermisjon**

### Framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren får fullmakt til å endra planar der namn står til funksjon og at det vert gjennomgåande i kommunale planar at det vert nytta tittel/funksjon i staden for namn.

I smittevernsplanen vert namn endra med funksjon, slik at det til ei kvar tid er fungerande smitteoverlege som har ansvar for smittevernet i Austrheim kommune.

## Formannskapet - 075/21 - 03.06.2021

### FS - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er ønskjeleg å endra planar slik at roller er knytte til funksjon og ikkje namn, både generelt og i dette konkrete tilfellet for Smittevernplanen.
Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### FS vedtak:

Kommunedirektøren får fullmakt til å endra planar der namn står til funksjon, og at det vert gjennomgåande i kommunale planar at det vert nytta tittel/funksjon i staden for namn.

I smittevernsplanen vert namn endra med funksjon, slik at det til ei kvar tid er fungerande smitteoverlege som har ansvar for smittevernet i Austrheim kommune.

## Kommunestyret - 047/21 - 16.06.2021

### KS - behandling:

Saka gjeld å legge funksjon inn i plan istaden for namn.
Handsaming i kommunestyret:
Vedtaket vert samrøystes vedteke

**KS vedtak:**

Kommunedirektøren får fullmakt til å endra planar der namn står til funksjon og at det vert gjennomgåande i kommunale planar at det vert nytta tittel/funksjon i staden for namn.

I smittevernsplanen vert namn endra med funksjon, slik at det til ei kvar tid er fungerande smitteoverlege som har ansvar for smittevernet i Austrheim kommune.

## Saksopplysninger:

Peter Kubon skal ut i overlegepermisjon frå 01.09.21 og til desember 2022. I samband med dette vert smittevernsplanen oppdatert med korrekt namn/ funksjon om smittevernsoverlege. Det må også inn vara for fungerande smitteoverlege.

I Austrheim kommune sin smittevernplan vert Peter Kubon sitt namn som smitteoverlege skifta ut med Jarle Gallefoss. Inn som vara for Jarle Gallefoss kjem kommunelege Laila Husa.

I ein del av dei kommunale planane ser ein at det står oppført namn og ikkje tittel/funksjon. Ein ser dette som uheldig at det er knytta opp til personar då personar kan vere fråverande over lengre tid i permisjon eller liknande eller at tilsette sluttar. Det er difor meir tenleg at det i planane er knytta til funksjon/tittel, framfor namn.

Kommunedirektøren ber difor om fullmakt til å endra kommunale planar der det er oppført namn, til å endra til funksjon/tittel. Ein konsekvens av å ikkje gjere endringa, er at alle planar må opp til ny handsaming dersom det vert endring på namn. Dette vil ikkje vera naudsynt om det er knytta til funksjon.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 076/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |
| 048/21 | Kommunestyret | PS | 16.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Monika Kvamme | FE-614, FA-H12 | 21/590 |

**Behov for å få utarbeida tilstandsrapport på Nordliheimen**

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at det kan starta eit arbeid med å lyse ut anbod på å få ein tilstandsrapport på Nordliheimen.

Kostnadsramme vert sett til inntil kr 400 00,-. Inndekning vert gjort i kommunedirektøren si budsjettjustering hausten 2021.

## Formannskapet - 076/21 - 03.06.2021

### FS - behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme orienterte om saka.
Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein må sjå på meir enn berre veggar og tak, men oppgraderingar også elles for å gjera bygget tenleg. Her svara Monika Kvamme at det gjeld også fiber og velferdsteknologi.
Morten Sognnes (H) ba om at tilstandsrapporten er differensiert slik at ein ser bygg for bygg.
Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### FS vedtak:

Kommunestyret vedtek at det kan starta eit arbeid med å lyse ut anbod på å få ein tilstandsrapport på Nordliheimen.

Kostnadsramme vert sett til inntil kr 400 00,-. Inndekning vert gjort i kommunedirektøren si budsjettjustering hausten 2021.

## Kommunestyret - 048/21 - 16.06.2021

### KS - behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme orienterte om saka

Ordførar Per Lerøy (Ap) - Gjer merksam på at det er ein null for lite i framlegget til vedtak.

Helge Dyrkolbotn (KrF) - Støtter at ein må ha ein gjennomgang for Nordliheimen. Spørsmålet er om det klokt å ta ei rullering til hausten for kr 400.000,- . og heller ta det inn i budsjettet for 2022.

Framlegg til vedtak frå KrF. i møte:
*Saka om tilstandsrapport på Nordliheimen vert utsett og teken opp i samband med budsjettbehandling for 2022.*
*Kommunestyret ser ikkje at det er økonomisk forsvarleg å bruke kr. 400.000,- på forskot no. Dette er ei viktig sak, men må vente til 2022 for å sikre dekning på budsjett.*
Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug - Ein bør halde litt tilbake når det gjeld ekstra bevillingar, det kan innarbeidast i budsjett. Så kan ein starte rett over nyttår. Ser at saka er viktig. Dette må gjerast, Nordliheimen er den som står for døra no. Er det noko som skal prioriterast ekstra i haust, bør det vere Nordliheimen.

Monika Thorpe (AP) – Nærværsprosjektet viser at det er høgt sjukefråvær på Nordliheimen, delvis grunna fysiske arbeidsforhold. Kjempeviktig at vi kjem i gang med denne rapporten så snart som mogeleg. Skal vi utsette til 2022, vil det ta for lang tid.

Helge Dyrkolbotn (KrF) - Er einig med Monika Thorpe, bør vere prioritert, ein kan gå ut med anbod no og ta atterhald om at det blir midlar i budsjettet.

Reidar Øksnes (Sp) - Vi har ei pakke med midlar. Når vi får framlegg om auka bruk, bør det vere eit forslag om kor ein skal ta det frå. Ikkje berre budsjettjusteringar. Bør ikkje avd. for bygg behandle dette. Vi ønsker alle dette, men vi må vite kor vi tar pengane frå. Ønskjer at vi skjerper oss inn på måten vi erfaringsmessig har gjort det. Vi må vite kva vi har og kva vi skal bruke det til.

Anne Dale Austrheim (KrF) - Intensjonen i vedtaket er så bra. Skulle ønske at vi kunne sagt ja med ein gong, No har vi akkurat hatt ei sak om utmarksbrann, forrige møte med budsjettjusteringar, men vi har eit behov for å få ei litt meir ryddig styring på økonomien. Det handlar ikkje om at vi ikkje ønsker å få tilstandsrapporten, men vi må ta det i budsjettet.

Bjørnar Fjellhaug - dette er bakgrunnen for at vi har skrive vedtaket slik. Vi har ikkje vore ute på anbod. Vi kan kome attende til summane.
Vi er ikkje formelt ute av Robek, kan ikkje nytte midlar no, men vi kan ta forarbeidet og det er det som er intensjonen i saka. Kommunalsjefen for Helse og Omsorg jobbar tett med PBO/eigedom. (svar til Øksnes). Tar til etterretning at vi ikkje har vore tydelege nok på kor vi skal ta midlane frå.

Inger- Lise Brekke (H) - Ber om gruppemøte

AP framlegg - Endre frå anbod til tilbod.
*Kommunestyret vedtek at det kan starta eit arbeid med å lyse ut tilbod på å få ein tilstandsrapport på Nordliheimen.*
*Kostnadsramme vert sett til inntil kr 400 00,-. Inndekning vert gjort i kommunedirektøren si budsjettjustering hausten 2021.*

Bjørnar Fjellhaug - viktig at ein går ut å få inn tilbod. Kan bruke hausten på dette. Treng ikkje bruke ekstra midlar i haust, men legge det inn i budsjett. Tidsnok at tilstandsrapport kjem i 2022.

Reidar Øksnes (Sp) - Vi treng ein tilstandsrapport. Skal ikkje sette to saker opp mot kvarandre. Det kan dukke opp noko som gjer at Nordliheimen må prioriterast. Vi kan ikkje stemme mot at rapporten

blir laga.

Gruppeleiarmøte for å lage felles framlegg:
Kommunestyret vedtek at administrasjonen kan starta eit arbeid med å innhente tilbod på utarbeiding av tilstandsrapport på Nordlheimen.
Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med kostnad for arbeidet med med tilstandsrapport og korleis dette skal dekkast inn.

KrF trekker sitt framlegg.

Formannskapet trekker sitt framlegg.

Fellesframlegg:
Kommunestyret vedtek at administrasjon kan starta eit arbeid med å innhente tilbod på utarbeiding av tilstandsrapport på Nordlheimen.
Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyre med kostnad for arbeidet med med tilstandsrapport og korleis dette skal dekkast inn.

Handsaming i kommunestyret:
Fellesframlegget vart samrøystes vedteke

## KS vedtak:

Kommunestyret vedtek at administrasjonen kan starta eit arbeid med å innhente tilbod på utarbeiding av tilstandsrapport på Nordlheimen.
Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med kostnad for arbeidet med med tilstandsrapport og korleis dette skal dekkast inn.

## Saksopplysninger:

Nordliheimen er bygd over fleire tiår. Første byggetrinn var i 1964-65. Seinare har pleieavdelinga kome til , ca. i 1989 og tilslutt vart Nordlia ( dementavdelinga) bygd i 1999. Den avdelinga stod tom i eit år før ein tok avdelinga i bruk av mangel på ressursar.

I dag er pleieavdelinga svært slitt og ufunksjonell og svarar ikkje til dagens standard. Særskilt baderomma er upraktiske og små. Det manglar lagerplass og rom for å ha hjelpemidlar.

I 2007- 2008 vart deler av Nordliheimen oppgradert og den vart bygd ut med 9 nye senger, slik at talet på bebuarrom var 34. Seinare vart talet på plassar redusert til 28 plassar (ca. 2016) .

Ved utbygginga i2007- 2008 vart kjøkkenet rehabilitert. Også avdeling Sørlia fekk ein grundig oppgradering. I tillegg vart det bygd 2 bebuarrom i 1. etg. på Nordliheimen. Desse romma ligg vegg i vegg med heimesjukepleien og skulle ivaretakast av personalet i heimesjukepleien. Seinare er desse romma i bruk som kontor, då det er mangel på kontor på Nordliheimen.

I dag er det 28 plassar på Nordliheimen.

Behova for oppgradering gjeld heile institusjonen, men pleieavdelinga hastar mest.

Alarmanlegget er utgått på dato og er vedteken skifta ut som ein del av kommunens satsing på Omsorgsteknologi.

Nordliheimen har små og lite funksjonelle garderobar, kor det er vanskeleg å ta smitteomsyn og for den einskilde tillsette å ha eit privatområde for skifte av tøy. Mange tilsette deler same garderobe og det er heller ikkje nok garderobar til alle.

Vaskeriet treng å få meir areal til at det kan delast i ei rein og ei urein sone.

Ved ei samlokalisering av fysioterapitenesta utanfor Nordliheimen, kan noverande fysiolokale verta brukt til garderobeløysing.

Også delar av lokalet kan gje større plass til rein sone for vaskeriet.

Også større lokale for heimesjukepleien er påkrevd og er mogleg å få til ved denne løysinga.

Når vi veit at Austrheim kommune treng fleire plassar til personar med demens, bør det også takast omsyn til ved ei oppgradering.

Når vi får ein tilstandsrapport på bygget, kan vi vurdera arbeidet med oppdatering og endring av behov for framtida.

**Vurdering og innstilling:**

I samband med eldremeldinga som kjem i løpet av hausten 2021, ønsker helse og omsorgsavdelinga å starte opp eit forprosjekt med å sjå på behovet for rehabilitering av Nordliheimen.

Vi ønsker å  gå ut med eit anbod for å få ein tilstandsrapport på bygget, slik at ein i arbeidet med eldremeldinga har ein status og ein plan for oppgradering og vedlikehald av Nordliheimen.

Kommunestyret vedtek at det kan starta eit arbeid med å lyse ut anbod på å få ein tilstandsrapport på Nordliheimen.

Kommunestyret vedtek at firmaet som får anbodet kan gå i gang med å utarbeide ein rapport.

Kostnadstipulert til ca. 300 00- 400 00 kr. Inndekning vert gjort i kommunedirektøren si budsjettjustering hausten 2021.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 077/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |
| 050/21 | Kommunestyret | PS | 16.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Bjørnar Fjellhaug | FA-B20, TI-&85 | 21/585 |

**Etablering av Fensfjorden PPT frå 01.01.2022**

## Vedlegg:

Framlegg til Samarbeidsavtale Fensfjorden PPT frå 01.01.2022

## Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner etableringa av Fensfjorden PPT og vedlagt avtale. Ein vedtek også vertskommunesamarbeid med Austrheim som vertskommune.

## Formannskapet - 077/21 - 03.06.2021

### FS - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.
Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### FS vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner etableringa av Fensfjorden PPT og vedlagt avtale. Ein vedtek også vertskommunesamarbeid med Austrheim som vertskommune.

## Kommunestyret - 050/21 - 16.06.2021

### KS - behandling:

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.
Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes vedteke.

### KS vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner etableringa av Fensfjorden PPT og vedlagt avtale. Ein vedtek også vertskommunesamarbeid med Austrheim som vertskommune.

## Saksopplysninger:

### Bakgrunn

Masfjorden og Gulen kommunar har tilhøyrt Ytre Sogn og Sunnfjord PP-teneste. Samarbeidsavtalen gjekk ut i 2021 og dei tok kontakt for å vurdere andre alternativ for PP-tenesta. Ytre Sogn- og Sunnfjord PPT har kontor i Dale i Fjaler kommune. Avstandane er store og med endringa knytt til fylkessamanslåinga har det vore naturleg å sjå på andre alternativ og ei teneste nærare kommunane.

Hausten 2020 tok Gulen initiativ mogleg samarbeid med kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Austrheim om logopedsamarbeid. Alle kommunane har behov for logoped både innan helsetenesta og PP-tenesta. Austrheim sa seg villig til å vere vertskommune for eit logopedsamarbeid då ein allereie har ei PP-teneste som ein logoped kan vere ein del eit større fagmiljø. I samband med dette ville Gulen og Masfjorden vurdere moglegheit for eit samarbeid om PP-tenestene. Austrheim gav uttrykk for å vere positiv til eit interkommunalt samarbeid og eit vertskommunesamarbeid vedk. PP-tenestene. Dette blei drøfta både med dåverande rådmann og ordførar, som var positiv til å vidare arbeid fram mot etablering av Fensfjorden PPT, med Austrheim som vertskommune.

Ei lita PP-teneste er ei sårbar teneste både på ressursar og kompetanse. Ein har opplevd noko fråvær i tenesta, som har medført at saker har hopa seg opp og ein har ikkje fått jobba slik ein ynskte.

Rammene for PP-tenesta har ikkje vore auka dei siste åra og det meste av budsjettramma har vore bunden til lønskostnader. Det er difor viktig at rammene til PP-tenesta vert noko auka slik at ein også får byggja kompetanse og har høve for innkjøp at testutstyr etc. for ei betre teneste både systemretta og individretta.

Ved å etablere Fensfjorden PPT blir arbeidsfeltet større, men samstundes får ein også eit større fagmiljø og ein kan få ein breiare kompetanse inn i fagmiljøet.

Austrheim PPT dekkjer i dag kommunane Austrheim og Fedje, der Fedje kjøper 10 %. Det dei treng utover avtalen kjøper dei timebasis. Vi ser i dag at det blir arbeid ein del individretta og vi ynskjer å arbeida meir førebyggjande og systemretta. Dette trur vi at ved eit større fagmiljø og gode rutiner og opplæring vil kunne gjennomføre sterkare med etableringa av tenesta.

Det er utarbeidd ein framlegg til ein samarbeidsavtale som er vedlagt saka. Både Gulen og Masfjorden kommunestyre har samrøystes vedteke å gå inn i Fensfjorden PPT frå 01.01.2022.

Dette medfører at det må gjerast nokre tilretteleggingar på kommunehuset vedk. arbeidsplassar. Det vert også arbeida med å vurdere leasingbilar for kommunalt tilsette då det vert ein del køyring mellom kommunane.

Kostnadsnøkkelen er basert på barne- og elevtala i kommunane pr år. Dette omhandlar løns- og driftsutgifter.

Ressursane som er knytta til Fensfjorden PPT er regulert i punkt 5 i avtalen, men fagrådet kan vurdera om dette evt må endrast. Det vil først verte aktuelt etter første driftsår.

Fagrådet for Fensfjorden vil vere samansett av representantar for dei samarbeidande kommunane. Arbeidsgjevaransvaret ligg til Austrheim kommune og underlagt kommunalsjef for oppvekst og kultur.

Dei økonomiske konsekvensane vil verte innarbeidd for budsjettåret 2022 og ligg til grunn i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2022.

**Vurdering**

Kommunedirektøren ser det som positivt å styrkja PP-tenesta både kompetansemessig, men også ressursmessig. Ein ser positivt på å etablera Fensfjorden PPT som eit ressurssenter midt i Vestland.

Ein ser det som ei stor føremon at det vert styrka og breiare kompetanse og ein får ei mindre sårbar teneste.

**Konklusjon**

Kommunedirektøren si tilråding:

Austrheim kommunestyre godkjenner etableringa av Fensfjorden PPT og vedlagt avtale. Ein vedtek også vertskommunesamarbeid med Austrheim som vertskommune.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 071/21 | Formannskapet | PS | 03.06.2021 |
| 053/21 | Kommunestyret | PS | 16.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Odd Harald Dommersnes | FE-150 | 21/573 |

**Rekneskapsrapport fyrste tertial 2021**

## Vedlegg:

Austrheim gjeldsrapport pr 30.04.21

## Framlegg til vedtak:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med tillegg om at investeringsmidlar til kyrkja kan betalast ut no (200.000 kroner)

## Formannskapet - 071/21 - 03.06.2021

## FS - behandling:

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, gjekk gjennom saka.

- Denne typen finansrapport vil bli gitt ut til formannskapet i samband med handsaminga av tertialrapportar framover.
- Det finansreglementet som kommunestyret vedtok i 2020 følgjer ein ikkje per no, men kjem etter kvart i hamn, mellom anna med å oppfylla kravet om at det skal vera fastrente på minst 33 prosent av låneporteføljen.
- Ser at det er mogleg å få betre vilkår ved konkurranseutsetting, og det hjelper også at kommunen no er ute av Robek-lista.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er bra med engasjement rundt dette med økonomi.
Inger Lise Brekke (H) sa at arbeidsløysetala er Austrheim no under 3-talet, det er ei bra utvikling.
Per Lerøy (Ap) viste til at kostnadene til personale er over budsjett, må vera på vakt for at dette ikkje utviklar seg.
Odd Harald Dommersnes sa at ein må sjå på dette med sjukefråvær. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa om dette at ein må kunna forventa at folk er på jobb, og at dei løyser dei oppgåvene som arbeidsgjevar har behov for å løysa. Skal ha fokus på sjukefråvær, og har sett i gang eit eige nærværsprosjekt der Sissel Berge Monslaup skal jobba med nærvær for heile kommunen.
Inger Lise Brekke (H) sa at ein må jobba både med å få ned sjukefråvær, og med førebygging. Må jobba med arbeidsmiljøet, for å unngå at det skjer konfliktar eller anna som over tid kan føra til sjukefråvær.
Morten Sognnes (H) sa at det er bra med fokus på sjukefråvær. Kva er samanhengen mellom Korona-pandemi og pålegg om å halda seg heime, og sjukefråværet? Her svara Bjørnar Fjellhaug at ein ikkje

ser ein direkte link mellom Korona og fråværet. Der dei er tettast på, som legekontoret, er fråværet lågast.
Inger Lise Brekke (H) spurte om korleis det er tenkt kring heimekontor? Har det slått positivt ut med fleksibilitet kring heimekontor.
Odd Harald Dommersnes sa at det er langtidsfråvær som er utfordrande. Har over 20 personar til ei kvar tid med langtidsfråvær. Er ein lenge vekke, er det tungt å komma tilbake til jobb etterpå. Det er desse ein må ta fatt i, og hjelpa tilbake igjen.
Per Lerøy spurte om kvifor det er avvik på Administrasjon og Undervisning, her svara Bjørnar Fjellhaug at det viser betre om ein skil ut Vaksenopplæringa som eigen post, for slik å få betre oversikt over kvar pengane går.
Odd Harald Dommersnes sa at det er sett opp større investeringar enn det er midlar til, slik at ein må sjå på kva som skal prioriterast her.
Helge Dyrkolbotn (H) spurte om kva som er med i sjukemeldingstala, Odd Harald Dommersnes svara at det er langtidsfråværet som er problematisk, fråvær på grunn av sjuke born med meir er ikkje med i desse tala.
Inger Lise Brekke (H) sa at ein må sjå på arbeidsmiljø med tanke på arbeidskultur og relasjonar.
Odd Harald Dommersnes spurte om investeringsmidlar til kyrkja (200.000 kroner), formannskapet sa at dette kan betalast ut no.
Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med tillegg om at investeringsmidlar til kyrkja kan betalast ut no (200.000 kroner)

### FS vedtak:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med tillegg om at investeringsmidlar til kyrkja kan betalast ut no (200.000 kroner)

## Kommunestyret - 053/21 - 16.06.2021

### KS - behandling:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

- 1 prosent opp i rente kostar kommunen 2,6 millionar i auka renteutgifter.
- Har byrja å låsa renta på ein del lån, slik reglementet tilseier.
- Deler opp låneporteføljen, slik at det ikkje er lån som er på meir enn 25 prosent av totalen.
- Låner av ulike bankar, no KLP og Sparebank Midt-Norge som dei siste.
- Når ein er ute av Robek-lista, vil det gje betre lånevilkår for kommunen.
- Utgiftene viser at det må takast kontroll på personalutgiftene, med tanke på sjukefråvær.
- Skatteinntektene er gode, det er dette som finansierer budsjettjusteringane ein har gjort.
- Statsforvaltar gav denne veka 750.000 i ekstra skjønstilskot til kommunen.
- Eigedomsskatten er på budsjett, det er også andre inntekter.
- Vaksinasjon kostar, mykje av dette arbeidet skjer på overtid.
- Samla for Korona er utgiftene på 6,5-7 millionar så langt for 2021.
- Kjøkkenet har god kontroll på økonomien, og gjer det bra på inntekter.
- For brøyting ser ein at det må budsjetterast med meir.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

**KS vedtak:**

Kommunestyret tek tertialrapporten til vitande.
Investeringsmidlar til kyrkja kan betalast ut no (200.000 kroner).

**Saksopplysninger:**